

Gamle dager i
SAMNANGER



Årbok 2019
Samnanger historielag

Omslagsbilete:

Framsida viser Carnegies heltemedalje,
som Ingvald Gjerde fekk for utført heltedåd.

På baksida ser vi Kleppebrørne sin galeas,
Strilen, som handlar fisk i Lofoten, omlag år 1900.

2019

Redaktører: Karin Høysæter Steinsland & Tor Wold

Utforming: Knut Ådne H. Røen

Trykt i Steinsdalen av Norheimsund Trykkeri AS

Gamle dagar i
SAMNANGER
2019



Samnanger historielag

Føreord

I 2019-utgåva av årboka til Samnanger historielag følgjer me opp serien «Livet langs fjorden». Tor Wold skriv om Nordlandsfart og sildefiske med Hardanger- jakter, og at dette førte til oppsving og rikdom i fleire slekter. Henrik Brigtsen fortel meir om krigen og etterkrigstida sett gjennom gutungen sine auge.

Me minnest ein heldedåd frå 1951, som også var ei svært tragisk hending. Tysse musikklag sin tradisjon med julespeling, er gode minne. Og stort engasjementet hos bygdefolket når nasjonaldagen skulle feirast i 1908, er sett med Isak Våge sine auge. Ei «dobbel» historisk hending var det då Einar Gerhardsen vitja bygda vår på valkampturné – med mange forviklingar. Elles får me møta «krigaren» Peder Gåsdal, og ei jegerhistorie frå 1909 er også med.

«Frå 7-årig til 9-årig folkeskule» er nyare skulehistorie. Det handlar om oppstart av ungdomsskule i Samnanger 1966 – 1969. «Skottehandel, folkevekst og innvandring» har ei interessant vinkling på folkevandringar og busetjing. Anita Skippervik er opptatt av kva for folk bur i Samnanger, og ho søker hjelp i forskning og genetikk.

Årboknemnda vil også i år oppmoda samningar og andre interesserte å komma med innlegg eller melda inn tema av interesse. Me takkar hjarteleg for innsende innlegg frå Henrik Brigtsen, Arne Tverlid, Svein Oldervoll Aadland og Anita Skippervik.

Karin Høysæter Steinsland og Tor Wold

Redaktørar

Innhald

Ein skjebnedag på Tysse – med fleire heltar <i>av Liv Røsseland</i>	s. 6
17. mai-tog Reistad-Steinsland t/r <i>av Svein O. Aadland</i>	s. 9
Frå 7-årig til 9-årig folkeskule <i>av Karin H. Steinsland</i>	s. 12
Tysse musikklag – julespeling <i>av Liv Røsseland</i>	s. 28
«En mislykket jakt dag i Samnanger» <i>ved Arne Tverrli</i>	s. 31
Jakteskipparen Mons Kleppe <i>av Tor Wold</i>	s. 35
Fiske og sjøfart i Samnanger 200 år tilbake i tida <i>av Tor Wold</i>	s. 42
Galeasen Debora – reiarlaget frå Solberg, <i>av Tor Wold</i>	s. 53
Skårungen, <i>av Tor Wold</i>	s. 56
Livet som menneskap, <i>etter Samson Bjørke</i>	s. 57

Sjøfolka frå Indre Tysse, <i>av Tor Wold</i>	s. 59
Tørkinga av klippfisk <i>etter Knut Hamsun</i>	s. 64
«Krigaren» Peder Pederson Gåsdal, <i>av Signe Mjelde Nordås</i>	s. 66
Ein gutunge på Totland under krigen II, <i>av Henrik Brigtsen</i>	s. 70
Einar Gerhardsen på valturne i Samnanger <i>av Brigt Olav Gåsdal</i>	s. 81
Skottehandel, folkevekst og innvandring <i>av Anita Skippervik</i>	s. 85
Kva har hendt i Samnanger historielag i 2019? <i>av Solvor Aadland</i>	s. 92

Ein skjebnedag på Tysse – med fleire heltar

av Liv Røsseland

Vinteren var på hell, likevel låg isen framleis på sjøen utanfor Tyssevika denne dagen i mars 1951.

Veret hadde vore kaldt og fint ei tid, og borna hadde kosa seg på isen i Mulsvikjæ. Så lenge vassføringa i Tysseelva var konstant, var isen trygg. Men det borna ikkje visste var, at denne dagen hadde dette endra seg, og isen var utrygg.

No var det to gutar på isen og skeisa. Det var *Kjell Skår* og *Henry Henriksen*. Dei var 13 og 12 år gamle. Isen brast under dei, og dei hamna i det iskalde vatnet.

Ein kunne høyra ropa deira inne på land, og tre smågutar kom springande for å hjelpa dei to opp på trygg grunn. Det skulle visa seg å vera ei vanskeleg, for ikkje å seia umogeleg oppgåve for dei tre som berre var åtte, ni år. Likevel greidde *John Tveiterås* og *Sigfred Solvang* å redde opp den eine av dei to som var gått gjennom isen.


Sjølv om han var gjennomvåt og sikkert redd, seiast det at Henry, etter han var kome opp på isen, tok beine vegen heim på skeisene forbi Hagamulen til Haga.

Smågutane meinte at dei såg Kjell og prøvde å koma ut til han, men iskanten brotna under dei, og med eitt låg også dei i vatnet og var i livsfare.

Kanskje var det den tredje av dei, *Leif Nyteveit*, som sprang og henta meir hjelp. Det veit vi ikkje, men *Tor-Otto Gjerde*, som var sju år då dette hende, fortel det slik:

« *Ingvald Gjerde, født 19.10.1919, død 14.11.1987 var min onkel.*

Jeg kan huske dagen, 13.mars 1951. Jeg hadde stua foten da jeg var på ski, og lå på sofaen. Plutselig ble det en veldig banking på døra, og



Ingvald Gjerde, Tysse i Samananger,
er tildelt bronsemedalje og kr 600, som
belønning for redningsdåd utført den 13.3.2951
Oslo, 27 juni 1952
N. Rygg

det var en som ropte: “Det er noen gutter som har gått gjennom isen i Mulsvikje!”

Ingvald hoppet i skoene og løp ned i fjæra og ut på Vikaneset. (Det er fortalt at skolissene knøt han i luften når han sprang.) Han løp utover isen i Mulsvikje og hoppet i sjøen. Han dukket ned mellom isflakene og så at det var noen som lå på bunnen.

Etter flere forsøk, klarte han å få opp Sigfred Solvang og John Tveiterås. Han klarte dessverre ikke å få opp den tredje gutten.

Ingvald, som er mest kjent som Kleiven, ble fraktet hjem etter den kalde redningen i sjøen. Han ristet og skalv med lav kroppstemperatur, og ble lagt i sengen med ulltepper og ble massert for å få igjen kroppsvarmen.

Lege, prest og andre personer var til stede. Tiden gikk, og varmen kom ikke så fort. Da kom spørsmålet : “E da nåken som har litt sprit som eg kan få? “ En av de tilstedeværende løp hjem og hentet en halvflaske aquavit som han fikk drikke av. Senere fortalte Ingvald at det ble som en eksplosjon av varme i kroppen, og han mente det var det som reddet livet hans.

Hvem som meldte inn redningsdåden til Carnegies Heltefond vet jeg ikke, Men han ble belønnet med diplom, bronsemedalje og 600 kroner. »

John var dårleg etter opphaldet i sjøen. Han vart frakta til bestemora som budde i Tyssevika. Der låg han til sengs. Syster hans fortel ho hugsar han måtte vekkjast med jamne mellomrom. Det gjorde dei med at han lukta på nafta.

Denne tysdagen i mars vart, som før nemnd, ein skjebnedag. Det vesle samfunnet innerst i Samnangerfjorden mista ein av ungdomane sine. Då dei fekk 14-åringen Kjell opp, var ikkje livet hans til å redde.

Det er ei fattig trøyst, men det kunne gått så mykje verre, om vi ikkje hadde hatt dei tre heltane våre. John og Sigfred fekk, til liks med Ingvald, både diplom, medalje og pengepremie frå Carnegies Heltefond. (Sjå medaljen på forsida av boka). Gutane fekk også kvar si klokke.

Kjelder: Thor-Otto Gjerde, Bjørg Eikestad, Odny Skarsbø og Toralf Solvang

17. mai-tog

Reistad-Steinsland t/r

av Svein O. Aadland

Hadde 17.mai-komiteen i Nordbygda i dag gjort framlegg om å gå i tog frå Reistad til Steinsland for å høyra ein time lang tale, og så gå i tog tilbake til Reistad for mat og leikar, trur eg det hadde vorte dårleg oppslutnad. Men for over hundre år sidan var det akkurat slik det var.

Mange hugsar Isak Våge (1890 – 1971), den barnekjære og godslege skomakaren på Ådland. I 1908 gjekk Isakj'n på Nordhordlands amtsskole. Amtsskulane var eit tilbod til ungdomar om vidare utdanning etter folkeskulen. Nordhordlands amtsskole starta opp i 1877 og heldt til ulike stader i Bergensområdet. Frå 1918 vart Manger fast tilhaldsstad. Skulen skifta etter kvart namn til Manger folkehøgskule.

Då Isak Våge gjekk på amtsskulen fekk han i stiloppgåve å skildra ein 17.mai i heimbygda. Stilen gjev eit godt innblikk i feiringa. Det ein ikkje veit, er om dette var ei spesiell feiring som skilde seg ut, eller om det var slik ein vanlegvis markerte 17.mai på den tida.

Isak opnar stilen med å skildra starten på dagen og alle flagga rundtom, før han skriv at ”det er ikkje lide langt fyrr ein kann høyra det eine sterke 17de mai-skotet etter det andre.” Her er det truleg snakk om den gamle skikken med at folk skaut i lufta med gevær for å markera festdagar.

”Daa klokka gjeng til tolv”, skriv Isakj'n, byrja folk frå ”Aadland, Hisdalen og Nordbygdi” å samla seg ved skulehuset på Reistad. Først spela musikklaget eit par nummer, så kom salutten, eller ”tre skot uppe fraa heidi”, som det står, før prosesjonen starta.

Først i toget gjekk ein mann med eit stort flagg, så kom musikklaget, deretter ”alle skuleborni med kvart sitt flagd”. Etter skuleborna kom ”nasjonalklædde gutar og gjentor”, og til slutt ”dei eldre menn og kvinner, som og er med og skal feira den 17de.” Med musikk og song bar det av stad.

”Etter umlag ein halv time kjem me til ein stad som kallast Kjeaskori”, står det. Og då er me altså på Haukaneset. Her tok 17.mai-toget ein liten pust. Dei kunne då sjå at 17.mai-toget frå Tysse også var på veg.



Dette 17.mai-biletet er frå ein god del år seinare enn feiringa som er skildra i artikkelen, men kanskje har også dette folketøget i det minste vore på Kjeaskora (Haukaneset). I alle fall er dei her på veg nedover mot Bjørkheim, som det går fram av omgjevnadene.

Noko seinare var prosesjonane frå både Nordbygda og Tysse framme på Steinsland. Her spela musikkлага ein nasjonal song. ”Etter fylgjer høge liverop for gamle Norge, og uppe fraa ein haug vert svara med tre sterke skot.”

”So roar heile flokken seg, og høyrer med spent oppmerksomheit til tala, som vart haldi av soknepresten.” Det var Fredrik Jørstad som den gong var sokneprest i Os prestegjeld (som Samnanger var ein del av), og det var no ikkje verst at han hadde teke turen frå Os for å halda tale på Steinsland den dagen. Men Jørstad var i følge Nils Lauvskard ”ein gild prest og ein fin og god mann”, så då ville han vel gjerne stilla opp.

Kva soknepresten tok opp i talen sin, står det ingen ting om i stilen, men: "Etter ein times tid, stig talaren ned av talarstolen. Alle, baade store og smaa, klappar i henderne og ropar hurra". At presten snakka i om lag ein time, var sikkert å rekna for ein heller kort tale. Talarane heldt det visst ofte gåande mykje lenger enn som så den gong.

Etter talen spela musikkлага eit par nummer og "atter small det tre skot uppe i heidi", før flokken reiste seg og tok fatt på den lange vegen tilbake. Klokka var om lag fem då 17.mai-prosesjonen toga inn på skulehusplassen på Reistad igjen, fortel Isak Våge i stilen. Folk er no både "svoltne og leide", så etter at songkoret hadde framført ein nasjonalsong, bar det inn i matstova. "Maten smakar framifraa etter den heite og trøyttsame marsjen", skriv stilskrivaren, og det skal han verkeleg få oss til å tru.

Etter maten var det klart for leikar. Ein klassikar, mykje brukt i mange år etter dette, var kapproing. "Det er helst dei største skulegutarne som skal prøva seg". Men mest moro var det visst å sjå på dei som skulle "springa i sekk", sidan dei ofte vart liggjande så lange dei var på vegen.

Isak Våge avsluttar stilen slik: "Daa klokka gjeng til aatte og premiarne er utdela til dei som hev vunne, gjeng alle velfornøgde heim." At ein greidde samla mykje folk rundt ei åtte timars lang feiring der det meste av tida gjekk med til å gå i tog til Steinsland for å høyra ein time lang tale, er sjølv sagt eigna til å imponera oss i dag. Mange, dei frå Hisdalen for eksempel, hadde nokså langt å gå til og frå Reistad i tillegg. På den andre sida snakkar me om ei heller spesiell tid her, enten skildringa er av 17. mai i 1908 eller i 1907. Unionsoppløysinga (frå Sverige) i 1905 skapte naturleg nok ein veldig nasjonal stemning her i landet, folk slutta til dei grader opp om alt som var norsk. Akkurat her i Samnanger hadde me i tillegg nett hatt vår eiga "unionsoppløysing". Me skilde lag med Os og vart eigen kommune i 1907. Med dette som bakteppe er det slett ikkje løye at store og små slutta opp om å gå i prosesjon Reistad-Steinsland tur-retur, sjølv om det var ein heit dag og ein gjerne enten gjekk i tunge, varme vadmålsfinklede eller i ikkje mindre varme bunader.

Frå 7-årig til 9-årig folkeskule i Samnanger

av Karin Høysæter Steinsland

På 1950-talet var det frå nasjonalt hald oppmoda til sentralisering - både kommune- og skulesamanslåingar. Forsøk med 9-årig skule starta i 1959.



Intensjonen var at innan 10 år, i 1969, skulle den norske folkeskulen bli obligatorisk 9-årig i heile landet. Krav om skuleinspektør i kvar kommune kom også i 1959.

Skulestyret i Samnanger gjorde på 1960-talet fleire vedtak som førte til vesentlege endringar i skulen og i lokalsamfunnet. Samnanger hadde då vore eigen kommune i om lag 50 år. Lokalpolitikarane meinte at ungdommen skulle få opplæring i eigen kommune – også når den nye lova om 9-årig obligatorisk skulegang skulle innførast.

Skulestyret oppnemnde ei eiga nemnd i 1963 som skulle arbeida med innføring av 9-årig skule. I fleire år prøvde dei å få gehør for oppstart. Men skuledirektøren i Bjørgvin var ikkje optimistisk sett frå Samnanger

sin synsstad, heller realistisk. Han meinte at elevtalet var for lite til å kunna forsvare eit ungdomssteg her. Men då elevtalet auka rundt 1965, og Samnanger hadde eit nytt skulebygg på Tysse bygd som folke- og framhaldskule å visa til, augna dei håp. Både lokal- politikarane og foreldra VILLE at ungdommane skulle bli i bygda, ikkje bli sende til nabokommunane når 9-årig folkeskule vart obligatorisk.

Nemnda peika på at det ville føra til lågare elevtal ute i krinsane når alle 7.klassingane skulle samlast for å få til eit felles ungdomssteg. Men i februar 1966 kom denne nemnda med eit framlegg som vart vedteke i skulestyret og i kommunestyret våren 1966. Skulestyret, med formann Peder Aadland og skuleinspektør Hans Tømmerbakk i spissen, hadde ei svært viktig rolle for å få dette til. Skulestyret var valde av kommunestyret i januar 1964, og alle krinsane er tydeleg representerte – også dei som var nedlagde i 1962. I perioden 1964-67 sat desse 15 medlemmene og varamedlemmene i skulestyret:

Krins	Medlem	Varamedlem
Rolvsvåg	Georg Jørgensen	Mons Østvik
Hisdal	Gerhard Våge	Olav Haugen
Lid	Gudrun Kvernes	Olga Lie
Nordbygdi	Peder Aadland	Sigm. Myrvang
Steinsland	Bernt Steinsland	Ada Haugen
Tveit	Vincent Tveit	Torl. Langeland
Grønsdal	Anna Sture	Alma Grønsdal
Høysæter	Klara Fanebust	Erna Drageset
Frøylandsdal	Vilh. Frøland	Vilh. Tysseland
Tysse	Ragnv. Nytveit	Ingv. Odland
Sandvik	Johs. Øpstebø	Lilly Teige
	Soknepr Leif Einarsen	Karl Hoseth
	Elekt Sverre Sjursen	Maud Nordvik
	Lærarinne Björg Haukanes	Olav Brigtsen
	Bygn.m. Nils N. Reistad	Vilh.O. Tysseland

Krinsendingar i skulen var ikkje noko nytt – og vart no nødvendig igjen. Talet på skulekrinsar i Samnanger kommune gjekk i praksis frå 11 til 4 i løpet av 1960-talet.

Skulestyret vedtok å søkja om forsøksordning i februar 1966. Men endeleg svar frå departementet kom faktisk først i august. I mellomtida må usikkerheita ha vore stor blant så vel skulefolk som foreldra til ungdommane.

Her følgjer avskrift frå 3 framlegg / vedtak i skulestyret som viser prosessen i 1966 for å få løyve frå forsøksrådet / departementet til forsøk med 9-årig skule i Samnanger.

Skulestyresak 3/66 (8.februar 1966)

Skuleskipnaden og klassesdelingane for 1966-67.

Den skulestyrevalde nemnda som skulle arbeida med innføring av 9-årig skule, har lagt følgjande tilråding fram for skulestyret:

Det vert å søkja om løyve til å ta til med 9-årig skule for 1.-7.årskull frå og med skuleåret 1966-67. Den før vedtekne krinsskipnad vert å setja i verk frå same tid.

Det vil då føra til:

- 1. Elevane i 1.-6. årskull ved Lie skule vert frå 1966-67 overførde til Nordbygda skule.*
- 2. Elevane i 1.-3. årskull ved Sandvik skule vert frå 1966-67 overførde til Steinsland skule.*
- 3. Elevane i 4.-6.årskull ved Sandvik skule vert frå 1966-67 overførde til Tysse skule.*
- 4. Elevane i 1.-3.årskull ved Tysse skule vert frå 1966-67 overflytta til Steinsland skule.*
- 5. Elevane i 7.årskull frå alle krinsar vert samla i ungdomsskuleklassar ved Tysse skule.*

Klassedelingslistene for 1966-67 vert å setja opp i samsvar med det som før er vedteke sett i verk og med det same som er sagt ovanfor. Klasse- og barnetal i 1966/67 vert då såleis:

- 1. Rolvsvåg skule med 11 elevar i 1.-6.årskull får udelte skule med maksimum lesetid.*
- 2. Nordbygda skule med 64 elevar i 1.-6.årskull får 4-delt skule.*
- 3. Steinsland skule med 62 elevar i 1.-3.årskull får 3 klassar.*
- 4. Frøland skule med 51 elevar i 1.-6.årskull får 4-delt skule.*
- 5. Tysse skule med 68 elevar i 4.-6.årskull får 4 klassar med di 6.årskull med 31 elevar delast i 2 klassar.*

Av omsyn til skuleskyssjen må borna i 1.-3.årskull i alle krinsar få skule 3 dagar à 6 timar for veka. Elevane i 4. og 5.årskull får 4 skuledagar à 6 timar pr. veka, og elevane i 6.årskull får 5 skuledagar à 6 timar for veka. Elevane i ungdomsskulen (7.årskull) får 6 skuledagar à 6 timar for veka.

(Skuleåret vert på 38 skuleveker.)

Nemnda rår vidare til at det i 1966-67 vert framhaldsskule for dei elevar som går ut or barneskulen våren 1966 og ønskjer å gå slik skule i 1966-67.

Skulestyresak 32/66 (17.juni 1966)

Skulekontoret har enno ikkje motteke svar frå forsøksrådet.

Skulestyresak 37/66 (11.august 1966)

Tilråding om avtale vedk. forsøk med 9-årig obligatorisk folkeskule.
Etter vedtak under sak 3/66 vert det den 19.februar 1966 sendt søknad til Kyrkje- og undervisningsdepartementet gjennom skuledirektøren om løyve til å ta til med 9-årig skule for 1.-7.årskull frå og med skuleåret 1966/67.

Nemnda for innføring av 9-årig skule har drøfta saka med skuledirektøren den 4.8.d.å. og rår skulestyret til å gjera såvore vedtak: Skulestyret rår kommunestyret til å godta vilkåra for forsøk og framlegget til avtale.

Obligatorisk 9-årig folkeskule i Samnanger

Samnanger kom altså med på forsøksordninga om 9-årig folkeskule frå hausten 1966 – i siste liten.

Det nye ungdomssteget vart då obligatorisk for born fødte i 1953. Men også dei som var fødte i 1951 og 1952 fekk tilbod om å ta 9-åring grunnskule. Det vart derfor heile 3 klassar på 7.trinn skuleåret 1966/67.

«Læreplan for forsøk med 9-årig skole» skal no gjelda. Dette verket på over 400 sider var utgitt av Forsøksrådet for skoleverket. Leiinga og lærarane ved det nye ungdomssteget i Samnanger fekk svært kort tid til å setja seg inn i desse læreplanane sommaren 1966.

Kristoffer Kvittingen (1910 -1968) vart den første skulestyraren ved Samnanger ungdomsskule. Han var oppvaksen på Tysse og hadde lærareksamen frå Elverum i 1935. Først var han lærar i Svelgen og Moster før han kom til Samnanger og vart tilsett i Hisdal og Trengereidfjord krins i 1941. Han flytta seinare til Holsnøy og styrte Vestbygd skule frå 1954 til 1963. I 1963 kom han tilbake til Tysse med familien og vart skulestyrar på nye Tysse skule etter Asbjørn Gloppestad.



Då 9-årig obligatorisk skule brått skulle innførast i 1966 vart det nye oppgåver å administrera samanlikna med ein 7-årig folkeskule. Fleire lærarar, ei ny organisering med 6-dagars skuleveke for elevane og nye læreverk - alt skulle på plass på kort tid. Ei ekstra utfordring var å få lærebøkene på nynorsk. Nær 80 forventningsfulle 7.klassingar møtte på skulen i august 1966. Og i tillegg kom elevane i 4.-6.trinn i krinsen pluss framhaldskule-elevane. Kvittingen fekk ikkje følgja det første kullet ved Samnanger ungdomsskule fram til avgangsprøva. Han døydde brått i mars 1968, berre 58 år gammal.



Frå lærarrommet 1967-68, f.v: Ivar Bård Aadland, sokneprest Leif Einarsen, Anders Aadland, Kristoffer Kvittingen, Magnar Leiren.

Ivar Bård Aadland, lærar i 1966, fortel:

At løyvet til å starta forsøk med 9-årig skule i Samnanger kom så bardus på oss, gjorde at me fekk god trening i å ta ting på sparket. Me lærarar fekk knapt tid til å setja oss inn i den nye skuleordninga og fagplanane før elevane strøymde inn dørene. Her var det berre å koma i gang. At det gjekk så bra som det gjorde, er mykje elevane å takka med si interesse og vilje til innsats. Og ikkje minst foreldra. På felles foreldremøte var gymsalen heilt full av interesserte foreldre som lytta til det me fortalde om den nye skuleordninga.

Det var på eit slikt foreldremøte i mars 1968 eg var saman med skulestyrar Kristoffer Kvittingen for siste gong. Då eg kom på skulen dagen etter, var flagget heist på halv stang. Kristoffer var død.

Skuleinspektør Hans Tømmerbakk bad meg ta over styrarjobben til det vart tilsett ny når skuleåret var slutt. Han ordna med vikar for nokre av undervisningstimane mine. Så var det berre å koma i gang med endå ein «på sparket»-jobb.

Den tid var det korkje kontorhjelp eller anna hjelp å henta i rådgevar, førstelærar/undervisningsinspektør eller andre. Skulestyraren styrte heile

skuta åleine. Så for min del som framleis gjekk i mest heil lærarstilling, vart det berre å følgja med på at skulekvardagen gjekk som han skulle. All planlegging laut venta til ny styrrar var tilsett frå 1. juli, Olav Brigtsen.

Lærebøker vart det smått om senn betre med, jamvel om forlaga sleit med å leva opp til kravet om at bøker som skulle nyttast i obligatoriske fag, skulle koma ut til same tid og same pris på både bokmål og nynorsk. Kravet gjaldt nok ikkje for valfag, men me såg helst at også slike bøker var på nynorsk.

Nokre år etter me var komne i gang med ungdomsskulen fekk eg ein telefon der ei damestemme frå Oslo reklamerte i det vide og breie for ei bok som skulle vera så fantastisk i valfaget motorlære, som me tenkte å kunna tilby. Eg braut inn i taleflaumen og spurde om boka var å få på nynorsk.

- Nynorsk? Nei, dessverre. Men tegningene ... Et øyeblikk så skal jeg se etter. Pause. Så var ho på tråden igjen: - Dessverre, de er ikke på nynorsk de heller (!).

Då la eg på.

Skuletur

Ein av dei siste skuledagane i juni det året (1968) leigde me «Midthordland» og fekk ein fin solskinnstur ut heile Samnangerfjorden til forbi Sandholmane i Os. Eg trur kanskje elevane laut ut med 5 kr kvar for turen.» - seier den dåverande skulestyraren, Ivar Bård Aadland.



Bjarne Hauge hadde trekkspelet med og Bjørnar Dalseng spelte gitar, så etter kvart drista mange seg til å dansa på dekk.



Lærarar 1967/68: f.v. Jon Alræk, Berit Jorun Åsheim, Berit Hernes (delvis skjult), Steffen Oma, Birte Sørensen, Bjørnar Dalseng, Kristin Oldervoll.

Lærarar

Marit Pedersen (7A), Jon Alræk (7B) og Ivar Bård Aadland (7C) var klasseforstandarar det første året. Sokneprest Leif Einarsen hadde alle i kristendoms- kunnskap, Erling Øvstedal, Inger Sævild og Kristin Oldervoll var blant faglærarane. Det vart trong for fleire lærarar hausten 1967 og 1968. Elevtalet auka med 2 nye 7.klassar kvar haust utan at nokon gjekk ut. I tillegg kravde valfaga nye faglærarar. Steffen Oma tok over klasse 8A, Bjarne Hauge, Ella Haukenes, Brynjulf Hernes, Berit Hernes, Berly Gundersen, Magnar Leiren, Bjørnar Dalseng, Berit Jorunn Åsheim, Birte Sørensen, Bjørn Arne Langhelle, Sture Tveit, Ingjald Jarland, Reidulf Dykkorn, Solvor Aadland og Olav Brigtsen var alle lærarar på Tysse i løpet av forsøksperioden 1966-69. Mange var unge lærarar, og nokre kom rett frå gymnasen.



Fleire «faglærarar» i Samnangerskulen 1968/69: f.v. Jon Alræk – fysikk, Solvor Aadland - gym, Bjørn Arne Langhelle- musikk.

Kursplanar og valfag

Kursplandelning og valfag var heilt nye fenomen å forholde seg til både for elevar, foreldre og lærarar. I faga norsk, engelsk og matematikk var det 3 ulike kursplanar, og i valfaget tysk var det 2. Kursplan 3 var den mest krevjande. Kursplanar og valfag skulle elevane starta med i 8.trinn, altså frå andre året på ungdomssteget. (I den tidlege fasen av forsøksordninga om 9-årig folkeskule i landet var det kursplanar alt frå 7.trinn, også i naturfag. Det vart teke bort.) Så faglærarane måtte våren i 7.trinn gje råd til foreldra om kva kursplan eleven burde velja for 8.og. 9.trinn. Inga enkel sak for faglæraren, men foreldra hadde siste ordet. Utan høgaste kursplan, kunne ein ikkje søkje seg inn på gymnas. Elevar frå dei 3 klassane vart blanda, mest i valfaga. Elevane kunne velja mellom tysk, handel og service, maskinskriving, musikk, forming og gymnastikk.

Konsentrerte gutar og jenter i valfaget maskinskriving: Her ser me Finn Moss (fremst); under Liv Bente Tysseland (til venstre) og Jorunn Langeland – alle på ekte Remington-maskiner.





To spreke gymlærarar, Bjarne Hauge og Magnar Leiren (bak) trener på Tyssereinane - overfor skulen

Systemet med kursplanar på ungdomssteget varte ikkje mange år. Den politiske intensjonen om einskapsskule og likeverdig 9-årig opplæring slo feil. Med innføringa av kursplanar vart det laga nye faglege og sosiale skilje. Kort sagt: både lærarar og elevar var glade når dette eksperimentet forsvann frå grunnskulen, er mi erfaring. I etterpåklokskapens lys var dei fleste pedagogar og politikarar einige om det.

Konfirmantførebuing

Med innføringa av ungdomssteget kom enda ei endring for ungdommane i Samnanger. Tidlegare gjekk dei unge «for presten» sommaren etter at dei hadde avslutta 7.klasse med konfirmasjon i september. No vart førebuinga lagt til skuletida i 8.trinn, frå midt på hausten til konfirmasjonsdagen i mai. Elevane hadde 6 dagers skuleveke og i denne tida gjekk dei for presten. Førebuinga held presten anten på skulen eller i bedehuset på Tysse. Denne vandringa frå skulen til bedehuset og tilbake var populær blant konfirmantane, men ikkje blant lærarane. Det vart så lett «snopekø» i butikkane i Tyssevik. Og det var 4 vegar av ulik lengde å velja frå Tyssebrua og opp på «Teigen» - via bilvegen opp, via Tyssekaien, om Nils Nilsen eller rett opp dei stupbratte trappene i lia. Tok si tid å gå tilbake uansett.

Klassedagboka for elevane

Ei klassedagbok fortel innleiingsvis om rammene for skuleåret og hovudinnhaldet i opplæringa generelt. Men det fortel ingenting om den enkelte elev si oppleving av skulekvardagen. Kva for valfag har eleven vald og kvifor? Kva opplevingar har fjortenåringen av kursplandelinga – og kva lærer elevane? Det er mange ulike fag å forholde seg til: Hovudmål og sidemål i norsk, matematikk, engelsk, kristendoms- kunnskap, naturfaga biologi, kjemi og fysikk, samfunnskunnskap, historie og geografi. I 9.trinn er det helselære med fysiologi, der er jenter og gutar delte i kvar sine grupper – det same i kroppsøving. Og tekstilforming er framleis kun for jentene og sløyd kun for gutane. Heimkunnskap har alle. Og i valfaga tysk, handel- og servicefag og forming er klassane blanda. Ekstra spennande å bli meir kjent med elevane frå parallellklassane òg.

Det var vald to elevar frå kvar klasse som tillitsvalde frå hausten 1968. Litt elevmedverknad skulle det vera i skulekvardagen. Først frå 1969 vart det lovpålagt å ha elevråd, foreldreråd med arbeidsutval (FAU) og samarbeidsutval.

I klassedagbøkene står kven som er klasseforstandar, klassens tillitsvalde, faglærarar, fag, og kva valfag elevane kunne velja i den første avgangsklassen på ungdomstrinnet i Samnanger. Valfaga endra seg med åra, noko etter ønskje frå elevane, men mest etter kva lærarkompetanse som var tilgjengeleg.

Dei følgjande 3 klassedagbøkene for skuleåret 1968/69 er ført i pennen av dåverande rektor Olav J. Brigtsen. Steffen Oma (9A), Jon Alræk (9B) og Ivar Bård Aadland (9C) var klassestyrarar for det første kullet på 76 elevar ved Samnanger ungdomsskule våren 1969:

KLASSEDAGBOK

År 19 68/69

Klasse: 9A

Klasseforstander:

Steffen Oma

Samnanger Ungdomsskule

(Skolens stempel)

Klassens representant i elevrådet:

Klassens tillitsmann:

Arild Færevold

Elin Færevold

FAG	KLASSENS LÆRERE
<u>Existenstkeg</u>	<u>Lif Einarsen</u>
<u>Norsk</u>	<u>Bjørnulf Skjerve</u>
<u>Engelsk</u>	<u>Bjørnulf Skjerve</u>
<u>Naturhistorie</u>	<u>Erling Færevold</u>
<u>Nysk</u>	<u>Pl 2 Steffen Oma. Pl 1. Solvør Færevold</u>
<u>Historie & Samf</u>	<u>Steffen Oma</u>
<u>Geografi</u>	<u>—</u>
<u>Fysiol. m. helse</u>	<u>Bjørnulf Skjerve</u>
<u>— gitar</u>	<u>Erling Færevold</u>
<u>Hygiene</u>	<u>Erling Færevold</u>
<u>Supp. og gitar</u>	<u>Engj. Færevold</u>
<u>— juster</u>	<u>Bjørnulf Skjerve</u>
<u>Halv. Håndt. s. v.</u>	<u>S. Oma</u>
<u>Linje</u>	<u>Inger Færevold</u>
<u>Fremming</u>	<u>Hauge / Oldenwoll</u>
<u>Mask. sk.</u>	<u>Færevold / B. Skjerve</u>
<u>Gym.</u>	<u>Engj. Færevold</u>
<u>Musikk</u>	<u>B. F. Langhelle</u>

KLASSEDAGBOK

År 19 68/69

Klasse: 9B.

Klasseforstander:

Jon Alvik
Samnanger Ungdomsskule

(Skolens stempel)

Klassens representant i elevrådet:

Klassens tillitsmann: Finn Moss og Kjellung Solheim

FAG	KLASSENS LÆRERE
Historie	Lif Einarson
Norsk	Erling Østhus
Engelsk	P. 312 Jon Alvik P. 1 J.B. Jostand
Matematikk	Jon Alvik
Fysikk	P. 1. Solvør Jostand
Historie og samf.	Jon Alvik
Geografi	Ingj. Jostand
Regning og bok/mat.	Bjørn Holmes
— a — gutt	E. Østhus
Kjemi	— a —
Oppføringslære	Ingj. Jostand
— a — jente	Bjørn Holmes
Valgf. Handelsservice	Olav Brighem
Heimk.	Ingj. Jostand
Forming	Klange / Oldervoll
Norsk skr.	Jostand / Bjørn Holmes
Oppsatt	Ingj. Jostand
Musikk	B. P. Langhelle

KLASSEDAGBOK

År 19 68/69.

Klasse: 9C

Klasseforstander: Trar Baid Aarland

Samnanger Ungdomsskule

(Skolea stempel)

Klassens representant i elevrådet: _____

Klassens tillitsmann: Armand Tysse

Tris Nordvik.

FAG	KLASSENS LÆRERE
Historie bok	Lif Einarsen.
Norsk	J. B. Aarland.
Engelsk	O. Engelsen.
Matematikk	J. B. Aarland.
Tysk	Pl. 2. Ella Haukenes Pl. Solvør Aarland.
Historie & samf.	J. B. Aarland
Geografi	— " —
Fysiol. & helse	Lif Engelsen.
— " — gitar	E. Engelsen.
Latin	— " —
Korpsingitar	Bjarne Hauge.
— " — jærke	Solvør Aarland.
Veip. Handel & service	G. Oina.
Heimk.	Lars Larsen.
Fremming	Hauge / Oldervoll.
Norsk skr.	Aarland / Engelsen Haukenes.
Korpsor	Eng. Haukenes.
Musikk	B. A. Langhelle.

Tysse skule

Skulebygget frå 1962 hadde opprinnleg 6 store klasserom. Det var 4 i 1.etasje og 2 i andre etasje. I tillegg kom gymsalen med garderobe, skulekjøkkenet, fysikksalen, sløyden og tekstilformingsrommet. Og nokre små kontor og lagringsrom. Og så var det folkebad i kjellaren under gymgarderoben, med eigen inngang.

Skulebygget romma også ein vaktmeisterbustad. Her budde vaktmeister Leif Nilsen med familie. Han var ein viktig medarbeidar ved Tysse skule / Samnanger ungsdomsskule i lang tid. Vedlikehald av den nye skulen var høgt prioritert. Men med innføringa av 9-årig skule i Samnanger vart Tysse-skulen for liten til å vera både barne- og ungdomsskule, og det mangla ei tidsmessig praktisk avdeling, samt svømmebasseng. Eit nybygg vert planlagt og vedteke alt i 1968/69. «Nybygget» opnar dei ulike avdelingane først i 1970/71. Då var 9-årig grunnskule lovpålagd – og «forsøkskaninane» hadde gått ut ungdomstrinnet i Samnanger.

Rektor Olav Brigtsen (1929-2006) vart ein institusjon for «Tysseskulen». I 1968 overtok han som skulestyrar / rektor ved Tysse / Steinsland skule / Samnanger ungdomsskule. Ja, det var det fulle namnet på organisasjonen han styrte i 29 år, frå 1968 – 1997. Og året etter, i 1998, vart Tysse/Steinsland skule nedlagd. Det er ei heilt anna historie. Samnanger ungdomsskule er framleis på Tyssereinane.

Kjelder / referansar

- Interkommunalt arkiv Hordaland – IKAH
- Samnanger II av Nils Lauvskar
- Samtaler med Ivar Bård Aadland, Bjarne Hauge, Ada L. Haugen og «elevane» Inghild Kvittingen Thorsen og Liv Furuodden Røsseland

Bilete – takk for lånet til

- Bjarne Hauge og Magnar Leiren - for elev- og lærarbileta
- Margrete Hisdal for bilete av Kristoffer Kvittingen



Tysse musikklag – julespeling

av Liv Røsseland

Tysse musikklag vart skipa i år 1900. Fram til 1913 hadde dei øvingane sine i forsamlingshuset Buret. Då var laget med på å byggja Vonheim som dei framleis er medeigar i.

Heile historia til Tysse Musikklag fram til 1990 er samla i eit hefte, som du kan lasta ned frå Samnanger-historielag.no.

Her vil eg ta med litt om laget sine faste spelingar og tradisjonar.

Sjølvsagt spela dei kvar *17. mai*, men også på alle storhende i tida. Folkerøystinga i 1905 var ei slik storhending. Også i 1906 då kong Haakon kom til Bergen under kroningsferda. Då var musikklaget på dampbåttur og var mellom dei fyrste som tok imot Kongeskipet ute på Byfjorden.

Dei tok og til med å spela kvar påske- og *juledagsmorgon*. Den vakre tradisjonen med hornmusikk 1. juledag i grålysninga, heldt Tysse Musikklag fram med i omlag 100 år.

Juledagsmorgonen

Det å vera med på dette, gav oss i musikklaget ei heilt spesiell kjensle. Planlegginga starta julekvelden. Korleis var vêrmeldinga? Klede vart lagt fram. Ofte var det kaldt, men regn var kanskje det verste. Då vart alt vått. Kva skulle vi ha på fingrane? Nokre instrumentgrupper var særleg utsette. Og, julekvelden kunne ikkje bli for sein for oss som skulle opp tidleg og spela jula inn.

Julemorgonen. Kanskje snøa det, eller kanskje var det stjerneklart? Ingen andre lydar enn dei vi sjølve laga, der vi traska oss framover. Plogen hadde enno ikkje vore ute, så vi laga våre egne spor. Kven av oss hadde fått ny hua til jul, eller kanskje noko anna vi ville visa fram?

For å sjå notane hadde vi med oss eigen "lyktemann". Det var trommeslagar Odd, som ikkje spelte på julesongane, men såleis vart med på julespelinga.

Ruta var den same alle år. Klokka 07.00 møttest vi i Grønevika. Der spelte vi dei fyrste julesongane. Gjerne to ved kvart stopp. Vi heldt fram gjennom Ytre Tysse, over brua og opp til Reidaren og familien hans. Dei siste 10-12 åra gjekk vi derifrå opp på Indre Tysse. Ned igjen og fortsette innover i Vikje.

Før Hagamulen, ved skreddaren, måtte vi, dersom det var glatt og mykje snø, "dra" oss opp etter gjerdet for å koma opp i Feltet, der vi fortsette spelinga vi bortover.

Alle stader vart vi møtt med "God jul" og blide fjes. Ved nokre hus var folk ute, andre helsa oss gjennom opne vindauge. Gjerne med ei lita (eller stor) pengegåve som kasseraren tok imot med stor takk. Pengane var som oftast pakka inn, og lagt klar, julekvelden. Folk tvila ikkje på at det vart musikk på julemorgonen.

Dersom nokon hadde ynskje om ein spesiell julesong, visste dei eldste av oss godt kva det var. Vi hadde då vore her før... Sjølv sagt spela vi det dei ville ha.

Hos Margunn var det ikkje berre dei som ynska oss God jul. Vi visste vel at då svara vi "God Jul og Gratulerer med dagen, Margunn".

Vonheim var siste stopp på ruta vår. No kunne vi og ta velfortent juleferie. Den gode kjensla vi hadde, då vi som alltid spela, "Deilig er jorden" til slutt, vil for alltid vera der.

Safa

Ei anna julespeling var den vi hadde siste arbeidsdag i *Safa*. Vi gjekk rundt å spela der arbeiderane var. Dette var og ein tradisjon som var med på å gje oss, og dei tilsette i Safa, julestemning. Nokre år kunne det vera vanskeleg å samla nok musikantar i arbeidstida, men det ordna seg alltid. Før vi kom, hadde arbeiderane samla inn ei pengegåve til oss, som vart motteke med takk.

Musikklaget var glade for all støtte frå bygdefolket, då som no.

Frå fabrikkjen gjekk turen inn i *banken*. Her vart det og juletonar. Dette var takk for mange støttemidlar opp gjennom åra.

Julespeling var det og mange år på *Steinsland og Gjerde*. Og sjølvsagt på *Alders -og sjukeheimen*. Dei aller fleste av bebruarane lika nok dei gamle julesongane, men det var ikkje vanskeleg å le den gongen ein av dei eldre spurde : ” Har de ikkje ein vals?”

Kjelder: Jubileumsboka Tysse Musikklag 90år.

«En mislykket jaktdag i Samnanger»

Arne Tverrli har gitt oss denne historia frå BERGENS JÆGER- OG FISKERFORENING si årbok 1954. Historia er skrive av ein av ingeniørane som var med på å byggja kraftverket på Frøland i 1909-1912.



Det var i det herrens år 1909 om våren at arbeidet med utbyggingen av Frøland kraftanlegg tok til.

Her møttes en del unge karer som var glad i livet i skog og mark. Sjefen vår, ingeniør Ragnvald Lie, var en trenet jegermann. Han hadde sågar en hund, en irsk setter, med mange feil, men god nese, og det var hovedsaken for oss unge som nærmest var nybegynnere som jegere.

Etter hvert i sommerens løp vokste staben, og da jakttiden kom – den gang 25. august – var vi blitt 5: Lie, Lunde, Lange og Lind og da det ikke var mulig å finne flere på L, var sjefen nødt til å gå over på neste bokstav, M, og så ble det Monsen.

I Samnangerfjellene, i hvert fall i den del som lå i vårt arbeidsfelt, var det herlig mye fugl – ryer og årfugl. Da Bergen kommune fra tidligere eiet en stor hytte, Tverlihytten, midt oppe i jaktterrenget, var det bare glede og fryd på oss ungdommer, da sjefen hadde oppnådd å få byggekomiteen til å gå med på at hytten alene – selvsagt av tekniske grunner – skulle disponeres av kraftanlegget, og samtidig hadde han leiet jaktterrenget omkring hytten.

At det bragte sorg til andre at hytten ble beslaglagt var vi ikke klar over – spesielt var Einar Olsen, vår senere gode venn, skuffet. Han hadde hatt sin faste gang til Tverlihytten, hvor han i Kvandalsvann fikk de store ørreter.

Ja Tverrlihytten, hvem var ikke glad i den? Vårt tilfluktssted hvor vi fang både fugl og fisk, og hadde for øye de fosser som vårt arbeide skulle lenke i rørledninger og turbiner til glede for by og land.

Nei, jeg glemmer visst rent den jaktdagen, men før jeg kommer til den, må jeg fortelle litt om den fjellets gentleman Ivar Tverlien, som eiet gården hvor hytten lå.

Noen stor gårdbruker var han nok ikke den gode Ivar. Hans hug sto til fjellet og jaktens gleder. Ja, fisker var han vel og, men helst med garn. By Ivar en fjelltur en fin augustdag midt i slåttene – jo, det hadde han tid til, kastet ljaen og gikk med. «Den fidle-slåttene kan eg ta ein an` dag. Her eit år` begynte eg på slåttene på Eggedussen (1. september), men då hadde det rigna heile sommaren».

Fisk, jo vi fikk vel fisk, det var dog helst under markene, men Einar Olsen, det var guttens in, det. Det fortaltes at hans att på verandaen og så noe vake nede i Kvandalsvannet. Fort ned med stangen og 5 minutter etter landet han en 4 marking. (*1 mark=250 gram.*)

At det var storfisk i Kvandalsvatnet, fik jeg bekreftet noen å senere da Ivar Tverlien en dag kom ned til Totland de store fiskene, så fik vi som oftest

nok av fugl, så messesjefen fikk beskjed om: «Ikke ryper til middag mer enn to ganger i uken».

En fin stille dag i november skulle jeg en tur til Svartevatn og tok som vanlig hund og gevær med. Jeg gikk korteste veien fra Tverlien til Svartevann, uten å hefte meg større med jakten, men i det fine og milde været trykket rypene og da jeg kom fram etter et par timers marsj, hadde jeg 10 stykker. Men det var altså den mislykkede jaktdagen jeg skulle fortelle om.

Det var en lørdag formiddag utpå høsten at det ble litt uro på kontoret. Været var fint, der hadde vært sne, men den var gått igjen, og Ivar Tverlien hadde sendt bud om at nå var det å prøve fuglen i Såta og Foglafjell hvor den brukte å samle seg etter at den hadde kastet sommerdrakten.

Vel, vi drog alle mann avgårde til Tverlien. Neste morgen tidlig opp og da vi kom opp på Rørfjellet fikk vi god utsikt mot Såta hvor vi i de grønne bakkene under toppen, så hundrevis av hvite prikker. Ja, her skal det bli jakt, men først måtte vi ned til Kråketjønnnet, opp igjen over Bukkkagjedlane også ut til Såta.

Vi så nok en og annen fugl på veien men det var ikke disse vi skulle ha, det var storflokken under toppen, som var målet. Til slutt kom vi fram, etter en slitsom marsj, og så var det å liste seg frem. Vi visste jo hvor rypene var, og så kikke forsiktig over steinene. Jo der lå den grønne bakken, men ikke en fugl. Ivar fant da ut at vi måtte gå hver for oss, det nyttet ikke i flokk.

I det jeg kom over en liten haug, fløy det opp en pen flokk, men utenfor skuddhold. Vel, så var det til å vise sin ferdighet for å lure rypene. Jeg så godt etter hvor de slo seg ned og de så også meg fra sin nye plass.

Jeg gikk så i helt motsatt retning av der rypene lå, og forsvant fra deres synskrets, gjorde en lang omvei i dekning og så stille og ubemerket til passe hold der hvor rypene hadde slått seg ned. – Ikke en fugl.

Slik gikk dagen, og en og annen flokk som kanskje en av følget hadde jaget opp, for forbi med en hastighet som kan måle seg med dagens flyfart gjennom lydmuren, og så et slengskudd.

Da vi møttes på avtalt sted for hjemturen, var utbyttet 6 ryper på 5 mann, mens Ivar, den luringen hadde 12.

Trøtte og slitne og mismodige kom vi hjem. Men da vi hadde fått oss en kald avrivning og en nysilet pjolter, kom humøret på topp igjen. Da ble nedenstående lille vers laget i fellesskap til akkompagnemang av klaskene fra vernehansken og inspirert av den nysilte:

Nei på rypa vi aldri får skudd

Hun er høyffellets vingende bud.

Like flittig så drager vi ut

Etter rypa, etter rypa.

Er a hvit, er a bru, er a grå,

Er det fulltallig kull eller få.

Er a stor eller små

Kan a flyve eller gå,

Like vrien og vrang er a å få.

Rypa, rypa, rypa

Bom!

Jakteskipparen Mons Kleppe

av Tor Wold




Mange av den eldre garden i Samnanger har høyrte om denne karen. Mons Kleppe f. 1836, var truleg den rikaste mannen i bygda i si tid. Han var jakteskipper og jakteeigar. Som kapitaleigar hadde han også plass i det første styret i Sparebanken på Tysse, då banken vart stifta i 1874.¹

¹ Årbok 2016

Bakgrunnen for rikdommen finn vi truleg i generasjonen før. Faren, Ingjald (Engel) Kleppe var fødd i 1804. I folkeregisteret for 1865 finn vi han att. Han budde då i lag med kona på kår hos eldste sonen, Mons, som har teke over garden. Men folkeregisteret fortel meir. Ingjald er også notbrukar, og driv fiske i lag med yngste sonen, Knut Kleppe, som er 26 år, og ugift.

Notbrukar Ingjald Kleppe hadde nok vore med i sildefisket, og tent gode pengar. Sønene, Mons og Knut førte farens sitt verk vidare, og bygde opp eit heilt reiarlag. Dei eigde fem hardangerjakter i lag. To av dei hadde namn etter konene deira, Anna og Lina. Eit par andre heitte truleg «Mathilde» og «Magdalena».

Den største jakta, sjølv flaggskipet, kjøpte dei seint i karrieren sin. Det var galeasen Strilen. Sonen, Knutin Kleppe, fortalte at dei ein gong hadde vore så langt som i Normandie i Frankrike med fiskelast, så det var snakk om ein grensesprengande familie på mange måtar.²



*Galeasen Strilen, flaggskipet til Mons Kleppe og bror hans Knut.
(Med løyve frå sjøfartsmuseet i Bergen)*

²⁻³ Info frå Svein Egil Kvale.



Frå Gaupholm ser ein våningshuset på Kleppe. Det ligg høgt i lia over Kvernes, delvis skjult av skog over Liavegen.

Det er fleire av dei vi elles nemner i denne årboka, som hadde hyre hos Kleppekarane. For eksempel veit vi at Engel Larsson Indre-Tysse var førstereisgut hos Mons Kleppe, og at Isak Nilsson Solbjørg var matros på jakta Lina, hos Knut Kleppe.

Sidan Mons var eldst, var det han som overtok garden, som ligg på vestsida av Samnangerfjorden, høgt oppe i lia over Kvernes.

Frå dei seinare åra kan det nemnast at Peder Monsson Kleppe (1877-1907) frå Peraneset på Kleppe (son av søskenbarnet til Mons Kleppe) var styrmann på ei av jaktene til Mons Kleppe. Han kom bort på ein tragisk måte, då han brann inne i stabburet på Peraneset der han sov.³

Det er ingen nolevande som har kjent Mons Kleppe. Han døyddde brått i 1904 på veg heim frå sjøen på Kleppe, men enno er det historier om jakteskipperen, som var med å bringa velstand og arbeidsplassar til bygda. Han hadde vore ute i verda, og han var ein ordensmann med stor økonomisk sans. Som i eit hotell, var det i andre etasje nummererte dører på soveromma, og på kjøkkenet var det namn på dørene til spiskammeret og daglegstova.



Frå kjøkkenet på Kleppe.

Knut, veslebroren, gifta seg i 1869 med Sigrid Mallene Engelsdotter Olsvik. Dei kalla henne berre for Lina. Far hennar, Ingjald Ingjaldson Trengereid (1820-1904) hadde kjøpt bruket i Olsvik i 1852.

Knut og Lina overtok Olsvik, etter foreldra hennar. Garden var då ein del av Askøy kommune. I dag ligg Olsvik i Bergen, der Askøybrua kjem i land. Garden er partert til tallause hustomter, men den gongen var dette hovudbasen til reiarlaget som Kleppe-karane bygde opp.

Olsvik låg lagleg til rett utanfor Kvarven, der båtane forsvann or syne for bergensarane når dei reiste sørover frå byen. Og garden låg rett i skipsleia.

Lina sine foreldre var utflytta samningar. Faren, Ingjald Ingjaldson Trengereid f. 1820, kom frå Trengereid. Han var jakteskipper, med eiga jakt. Han gifta seg med Magdela, søster til kollegaen, jakteskippar Olav Samuelson Haukanes. Ingjald kjøpte Olsvik, og dei flytta dit.

Mora til Magdela, som var gift med Samuel Haukanes, heitte Sigrid Knutsdotter Langeland, f. 1791. Ho var søster til Mons Knutsen Langeland f. 1893, og Knut Knutsen Langeland f. 1813. Vi veit frå skriv dei har etterlate seg at Mons var fiskar tidleg på 1800-talet, og Knut var jakteskippar i 3 år om lag 1840.⁵

⁴ Info frå Svein Egil Kvale. Sjå òg den omtalte førre artikkelen, som handlar om Ingjald Trengereid og kona Magdela. ⁵ Knud Langeland, *Nordmænderne i Amerika* s. 216-217.

Så det var tjukk samninga-slekt Knut Kleppe gifte seg inn i, då han gifta seg med Lina Olsvik i 1869. Og omtrent alle hadde ei fortid med fiske og jaktetraffikk. Mange av etterkomarane til Knut Kleppe tok etter kvart namnet Engelsen eller Olsvik.

Ikkje mindre enn to av Mons Kleppe sine ungar gifte seg med broren Knut Kleppe sine barn, og busette seg på Olsvik. Mons hadde ni barn. I årbøkene har vi før nemnt felespelaren Knutin Kleppe og skimakaren Edvard Kleppe. I tillegg vart dottera Anna gift med Torgils Frøland, og Ragnhild vart gift med Knut Tvedt. Så Mons Kleppe har rikeleg med etterkomarar i bygda.

På Olsvik vaks først ungane til Ingjald Trengereid opp, og i neste generasjon ein flokk med Kleppe-ungar. Tidleg på 1900-talet var dei 30 ungar som alle var søsken og søskenbarn, med tanter og onklar kring seg. Det var etterkomarane etter 2-3 generasjonar jaktekipperar som kom til Olsvik på 1800-talet.



Gardshusa på Olsvik

Dottersonen til Mons Kleppe heitte Mons Olsvik, og var sjøkaptein. Han har skrive om oppveksten på Olsvik i sine memoarar. Heile historia hans finn du på heimesida til historielaget.

Me har laga eit lite utdrag av det Mons Olsvik har skrive om oppveksten sin på Olsvik:

«Gratulerar med dagen, låt det over bygda mellom kjende og kjære den 28. mars 1904. Det var etter tung sorg i fleire veker, etter at Mons Kleppe døydde, at det vart fødd ein gut på Kleppe i Samnanger.

Garden ligg der fager og fin på ei høgd under fjell og li, med skog og vilt terreng kringom. Utsynet over Samnangerfjorden er så vakkert, - det finst ikkje finare plass.

Guten vart døypt i Aadlands-kyrkja til stor stas for familien på Kleppe. Berre 4 veker etter, flytta foreldra og guten til farsgarden, Olsvik, i Laksevåg der guten vaks opp. Guten var ein stille og roleg kar, som sjeldan gråt, eller ga låt frå seg, anten han var svolten eller tørst. Mormor på Kleppe sa til Stina, dotter si at ho måtte passa vel på Mons, så han fekk i seg nok mat, det var noko uvanleg med ein så stille gut.

I Olsvik vaks guten opp, og ei ein betre heim og på ein betre plass, trur eg det er få som får vakse opp. I Olsvik var me heile 7 familiar som alle var onklar og tanter, og så var vi 30 søskenbarn.

Og på Olsvik-garden var det rikeleg tumleplass for alle. Garden med sine bakkar og haugar, innmark og utmark, og lange strandline og sjø ga oss oppveksttilhøve som andre berre kan ønska seg. Utsikta til sjøen var også fantastisk, ein kunne følgja med på alle skip som kom og gjekk frå Bergen. Det er ikkje rart at kvar jente og gut kunne namna på alle skipa som kom og gjekk. Ja, me kunne til og med seia namnet på båten berre ved å høyra fossen framom baugen.

Skulen vår var Nybø skule i Kjøkkelvik, dit tok me rutebåten om morgonen, og så gjekk me heim att gjennom utmarka etter skulen. Det var berre skule 3 dagar i veka.

I Olsvik var vi heile fire gutar som heit Knut og to som heit Mons. Alle var kalt opp etter bestefedrene. Mor og far var søskenbarn, og bestefedrane mine, Knut og Mons var brør. Dei åtte alt i lag, bortsett frå at dei hadde kvar si kone. Dei var gardbrukarar, notbasar, og skipsreiarar. Dei eigde mange båtar, mellom anna jaktene «Lina» og «Anna», kalla opp etter konene deira. Den største av båtane var galeasen «Strilen». Dei eigde

sjøbuer, både på Olsvik og på Kleppe, og det vert fortalt at mannskapet på båtane deira, utanom sesongen for fiske og Lofotreiser, hadde arbeid på gardane deira Olsvik og Kleppe.

Kvar av bestefedrane mine hadde 9-10 ungar, og dei vart strengt oppdregne. I kyrkjene på Ådland og Strusshamn på Askøy var det tillaga spesielle benkar, der Kleppe-familien og Olsvik-familien sat.

Det var ei stor sorg i familien då bestefar min, Mons Kleppe døydde rett før eg vart fødd. Knut døydde ikkje lenge før Mons. Av barnebarna var det heile 5 dei kalla Mons og 4 dei kalla Knut etter desse stolte bestefedrane.

At det vart sjøen som vart arbeidsplassen til dei fleste av onklane mine, var jo ikkje rart. Dei fleste var med fedrane sine på nordlandsfiske som ganske unge gutar. Far min og dei to brørne hans, Samuel og Edvard, vart jo alle skipsførarar. Også mor sin bror, Jens seilte som skipsoffiser på alle hav inntil han døydde.

To Monsar og ein Knut gjekk alle om bord på skule-skipet «Alfen» av Bergen i 1919. Vi var der i 6 måneder, og lærte sjømannskap, knoping, spleising, sying, vasking, bading og disiplin. Denne tida på skule-skipet blei ei rik oppleving, og då vi også hadde alle tidars kaptein og førstestyrmann, Larsen og Knudsen, så blei dette et minne for livet. Bedre offiser til å ta seg av sine elever enn styrmann Knudsen, kan ein vel neppe få. Han var utom sesongen lærar på «Olsnes øyen for ulidelige gutter». Han var som ein god far for oss alle.»

Før vi forlet Mons Olsvik, vil eg berre nemna at under krigen var han med i styret i Nortraship, og han kjente Hilmar Reksten frå mange møter dei hadde. Han vart gift med den foreldrelause svenske Rosa, som foreldra til Aksel og Alfred Bruvik hadde tatt til seg. Slik vart han svoger til grunnleggarane av SAFA. Han hadde mange å besøka, når han ein sjeldan gong hadde fri, og kunne reisa til Samnanger. Han hadde søskenbarn, tanter og onklar på Tveit, Jarland og Kleppe, i tillegg til svigerforeldre på Tysse.

Fiske og sjøfart i Samnanger

200 år tilbake i tida

av Tor Wold



*Kleppekarane sin galeas, Strilen i Lofoten, truleg om lag 1900.
Den største skuta til Kleppebrørne.*

Det var brør og søskenbarn som eigde og dreiv jaktene – kanskje er du i slekt med fleire av dei.

I den førre artikkelen kan du lesa om mellom anna jakteskipperen Mons Kleppe og jakta hans, Strilen, som han brukte i Nordlands-fart. Når eg har spurt meg fram om jaktetrafikken i bygda på 1800-talet, er det ikkje mange

som har visst stort meire. Dei siste par åra har eg prøvd å samla kunnskap om denne perioden. Det har dukka opp fleire fiskar- og reiarfamiliar. Jaktetrafikken med sildefiske og nordlandsfart, varte til litt ut på 1900-talet.

Det er ikkje berre hardingane som har ei fortid med jaktetrafikk til Nordland. Fartøyvernssenteret i Norheimsund er bygd opp omkring mellom anna jakta Mathilde. Mange har vore der og sett film om hardingane og historia deira med jakter, sildefiske og klippfisk frå Lofoten. I Jondal var dei spesielt aktive, og mange der vart rike på denne verksemda. Men at også mange samningar var med på dette eventyret, er mindre kjent.

Frå bygdeboka veit vi at det også her var mange jakteskipperar på 1800-talet, og at fleire av dei vart velstående. Vil vi vite meir, må vi gå til andre kjelder.

Det ser ut til at samtida såg på fisket som utrygt, sjølv om det til tider kunne vera svært lønsamt. Formuar vart skapt, og forsvann. Dei som var kloke, investerte pengane i fast eigedom, og fleire kjøpte seg gard. Det var stabilt og trygt. Kanskje er det difor Nils Lauvskard legg så lite vekt på fiske og sjøfart, som var så viktig for landet dei første tiåra etter 1814.

Kor fekk dei kapital til store skuter frå? Kort tid før hadde me vore fattige leiglendingar i utkanten av eit dansk-norsk rike, styrt av danske embetsmenn og store jordeigarar. Vi må tilbake til åra frå 1808 og framover, for å forklara korleis dette gjekk til. Den engelske blokaden av Skagerak førte til kornmangel i Norge, og folk svalt. Så, plutsleg tok sild i store mengder til å gyta langs kysten mellom Bergen og Stavanger. Dette førte til eit rikt sildefiske i tiåra utover på 1800-talet. (Sjå årboka 2018).

Dei som kunne ta del i dette fisket, var generasjonen fødd frå omlag 1765-1800. Vi skal prøva å finna ut meir om kven dei var desse pionerane. Vi har berre nokre få skriftlege kjelder, som eg nemner til slutt i dette kapitlet. Mykje er fakta, og litt er gjetting ut frå det vi veit.

Hardingane forsikra skutene sine i Jondal, der det vart skipa forsikringsselskap. Der finn ein framleis registeret over alle hardangerjaktene. Diverre finn vi ingen båtar frå Samnanger i dette registeret. Det kan vera at samningane forsikra båtane sine i Haugesund eller Bergen, eller dei kan ha redusert risikoen ved at fleire gjekk saman om ei jakt.

Det var vanleg at fleire åtte ei jakt i lag, og at dei heller hadde partar i fleire båtar viss dei hadde råd til det. Det var nok då, som no, at folk likte å driva næring i lag med folk dei kjende, og stolte på. Dei fleste av dei som tok del i denne verksemda ser ut til å ha vore i slekt.

Langeland - Aadland - Haukanes - Trengereid - Kleppe

I årboka 2018 beskriv Norvald Langeland korleis Mons Langeland f. 1793, kjøpte gardsnummer 3 på Ådland i 1821. Han kom frå tronge kår, men 28 år gamal kunne han kjøpa garden kontant, for 500 riksdaler. I artikkelen fortel også forfattaren at i følgje amerikanske kjelder hadde Mons ein periode ei fiskeskøyte. Eg trur det var fisket som ga han slike store inntekter. Tidleg på 1800-talet kom over halvdelen av eksportinntektene til Noreg frå fiskeria, og dette var den største sjansen ein ung mann hadde til å tena mykje pengar raskt.

Mons selde Ådland til eina annan bror, Peder Langeland i 1837, og emigrerte sjølv til Amerika (årbok 2018). Så også Peder måtte ha god råd, for å kunne løysa ut Mons. Truleg var han i lag med brørne sine på fiske. To av sønene hans vart jakteskipperar. Sonen Peder f. 1848 drukna på nordlandsferd i 1879. Den andre sonen, Hans, f. 1853 var også skippar. Han gifta seg med ei jente frå Bindalen, i Nordland.

Yngstebroren til Mons og Peder Langeland, Knut Langeland f. 1813, tok kanskje over Mons sin part i jakta, for han skriv at han kjøpe jakt mens han arbeidde som lærar i Samnanger, (årbok 2015). Han fór seinare sjølv til Amerika, i 1843, og der vart han mellom anna journalist og forfattar. I boka «Nordmennene i Amerika» skriv han, (i lett modernisert språk, og noko forkorta):

«På den tid, her omtales, var de såkalte Hardangerjekter kommet i sterkt bruk. Allerede ved min hjemkomst fra England (1835 eller 1836) hadde jeg kjøpt halvparten i en større hardangerjakt, og hatt andel i noen handelsforetak, dog uten selv å ha brukt tid på dette. Enkelte driftige og foretakssomme menn hadde på kort tid samlet formuer ved de rike fiskerier, som da gikk for seg langs Norges vestkyst både vinter og sommer. Med en fetter, som hadde noe erfaring i faget, besluttet jeg meg for å prøve lykken som jektefører. Jeg akter ikke å gi noen utførlig beretning om de tre travle og begivenhetsrike år jeg tilbragte i denne forretning. De erfaringer jeg gjorde, kan ikke ha noen alminnelig interesse, og det er kanskje nok å si at hva lykken det ene året rundhåndet ga, tok den som oftest neste år tilbake.

En periode eide jeg et par tusen daler, og så igjen nesten ingen ting. Tanken om utvandring til Amerika gjorde seg derfor atter sterkt gjeldende hos meg. Jeg solgte alt jeg hadde av løs eiendom, og satt da etter alt mitt slit igjen med mindre enn tusen daler. Utfallet ble at jeg våren 1843 reiste til Amerika.»

Knut skriv at han prøvde lykka som jakteskipper med ein erfaren fetter. Knut og Mons Langeland hadde mange søskenbarn. Vi veit om tre, som også eigde jakter. Dei to første har vi skriftege kjelder på. Dette er Mons Ingjaldson Trengereid f. 1819 og Ingjald Ingjaldson Trengereid f. 1820. Nils Lauvskard fortel at både to var jakteskipperar. Ingen av dei var gamle nok om lag 1840, til å ha vore den erfarne fetteren som Knut Langeland skriv om.

Den siste av søskenbarna, som kan vera aktuell, er Samuel Pederson Langeland, f. 1791. Han var sonen til Knut sin farbror. I 1850 flytta Samuel til Bruvik i Haus, med kona og dei tre yngste sønene, Olav, Samuel og Johannes, f. 1828-1832. (Samnangersoga 1 s. 551)

Erling Viksund er etterkomar etter Samuel Pederson Langeland. Han bur i Vaksdal og har drive som båtbyggjar på Askøy. Han fortel:

«Tippoldefaren min, bonde og jakteeigar Olav Samuelsen Langeland Dale (1828 – 1907) kom frå Langeland bnr. 4 saman med far sin Samuel Pedersson Langeland (1791 – 1878). Dei kjøpte bnr. 6 av Dalegarden (5722 Dalekvam) i 1850. Etter Oldefar min, Samuel Olson Dale, er det fortalt at Olav Samuelsen Langeland Dale åtte ei jekt og dreiv Nordlandsfarten med denne. Skriftelege kjelder om dette finst ikkje».

Andre aktuelle søskenbarn var det ikkje. Samuel var 17 år i 1808, då silda kom tilbake til våre trakter. Så det er kan passe at Samuel var fiskar og hadde erfaring som jakteskipper før sonen tok til med dette. Han var truleg det søskenbarnet Knut Langeland lærte av.

Vi har mange fleire eksemplar på søskenbarn som dreiv i lag i 10-åra etter 1814. Vi kan gjetta på at fedrane deira, som var brør, har starta i lag kring 1814, og at sønene etter kvart har teke over.

Søstera til Mons og Knut Langeland, Sigrid Knutsdotter Langeland, gifta seg med Samuel Olavson Haukanes, f. 1792. Også sonen deira vart

jakteskipper. Det var ofte slik at desse karane gifte seg med søstera eller dottera til ein kompanjong. (Nett som i kongehusa på den tida. – Slektskap skapar solidaritet og tillit).

Dei to eldste døtrene til Samuel og Sigrid Haukanes, gifte seg også med jakteskipperar. Kari Samuelsdotter Haukanes vart gift med Nils Andersson Trengereid, og Magdele Samuelsdotter Haukanes med Ingjald Ingjaldson Trengereid. Dette siste paret vart igjen svigerforeldra til Knut Kleppe, som var stor-reiar på Olsvik, i lag med broren Mons Kleppe. (Sjå artikkelen om Kleppe-reiarlaget.)

Når ein ser nærare etter, var jakte-eigarane på gardane Langeland, Ådland, Haukanes, Trengereid og Kleppe vevd i kvarandre ved nær slekt og gjennom ekteskap. For dei som fortsett heng med, skal vi no gå gjennom dei andre jakte-familiane i Samnanger. Der ser vi det same.

Gaupholm-Solbjørg

Gaupholm: Lars Hansson Gaupholm (1765-1844) må ha vore ein svært sprek mann. Han var eigar av Gaupholm, og vart gift tre gongar. Dei to første konene døydde frå han, og den tredje var 33 år yngre enn han. Han fekk 14 barn i løpet av 50 år, med dei to siste konene. Denne Lars Hansson er tippoldefar (farfar til farfaren) til den Lars Hansson Gaupholm som Øivind Lars Søvik skreiv om i årboka 2011. Garden hadde vore i slekta lenge, og var ein rik gard. Han måtte søka løyve frå kongen i København for å få gifta seg første gongen, då han gifta seg med tremenningen sin. Dette ekteskapet var barnlaust, men seinare vart han altså far til 14 barn, 8 gutar og 6 jenter. Berre den eldste sonen, Haldor Larsson, kunne arva garden, alle dei andre måtte finne noko anna å gjera.

Den nest eldste sonen, Hans Larsson, f. 1798 kjøpte garden Solbjørg frå staten i 1835. Det går ikkje fram korleis han skaffa kjøpesummen. Kanskje var også han med på sildeeventyret, for begge sønene hans, Lars og Hans vart jakteskipperar. I folketeljinga 1875 er sonen Lars oppført som skipsreiar med jakt, og den andre sonen, Hans, er oppført som skipper. Ein 3. son, Haldor Larsen Gaupholm vart gift i Korskirken i Bergen i 1866, 27 år gamal, og var då jakteskipper, busett i Bergen. Den yngste sonen, Torgils f. 1842, tok over plassen Gupholmstræet, men før han slo seg til som bonde, hadde han vore jakteskipper han med. Husa på Gaupholmstræet (det noverande Gaupholm camping) ber framleis

tydeleg preg av at han var ein mann som hadde god økonomi i den tida huset vart bygt. Barnebarnet til søstera hans, Bernhard Solberg og kona Alfild var leigebuar der i mange år, før dei kjøpte bruket.¹

Av dei seks jentene til Lars Hansson Gaupholm, vart truleg minst to jenter gift inn i fiskeri og jaktetrafikk. Barbra vart gift med Nils Nilsson Solbjørg f. 1818, og Kari med Jakob Torbjørnson Rolvsvåg f. 1832, som fekk dottera Marta Jakobsdtr Rolvsvåg.

Barbra og Nils fekk ein son som dei kalla Nils Nilsson Solberg. Han var fødd i 1850, og vart jakteskipper. Han gifta seg med søskenbarnet sitt, Marta Rolvsvåg. Nils og Marta fekk sønene Bernhard og Nils Solberg.

Nils Nilsson Solberg f. 1850, far til Bernhard og Nils, var altså jakteskipper. Han var ein av eigarane til Galeasen Debora. (Sjå «Galeasen Debora - skute med mange eigarar.») Vi veit at ein annan medeigar var Lars Nilsen Solberg, bror til Nils. Han var bøkkar i Bergen. Eit av søskenbarna deira, Lars Hansson Solbjørg, f. 1840 (født Gaupholm), var jakteskipper og kjøpte gard på Solbjørg. Han kan også ha vore ein av eigarane.

Solbjørg: Heilt sør i Samnanger, finn vi Utskot og Solbjørg på kvar si side av fjorden. Tidleg på 1800-talet var dette omtrent så sentralt ein kunne koma i kommunen, som då også omfatta Fusa og Os. Då var tingstaden i Holsund, heilt sør på Bogøy i Fusa.

På Solbjørg finn vi enda ei familiegruppe med eigne jakter. Isak Nilsson Solbjørg, f. 1761, kom frå fattige kår. Han var leiglending, det vil seie at han leigde garden. Arveskiftet etter den fyrste kona til far hans, i 1754, viser at buet inneheldt 51 riksdaler. Ved det neste buoppgjeret, i 1821, då hans eiga kone døydd, var buet på 334 riksdaler.² Vi ser at i åra etter 1814 hadde også denne familien tent gode pengar. Igjen er det nærliggjande å tenke seg at pengane kom frå sildefisket. Ein finn støtte for dette når ein ser kva etterkomarane hans dreiv med.

Han hadde fem barn. Den eldste sonen, Nils, kjøpte halve Solbjørg i 1830, og den eldste sonen hans igjen, Isak Nilsson Solbjørg, f. 1844 arva garden. Bygdeboka seier han var ein dugande jakteskipper som reiste mykje på Nordland og dreiv føring (transport) av fisk. Han selde garden i 1880-åra, og flytta til Bergen.

¹ Info frå Svein Egil Kvale

² Samnanger 1 V Nils Lauvskard, s. 161

Her kjem ein tredje Isak, så følg nøye med no: Den yngste sonen til gamle Isak Nilsson Solbjørg f. 1761, heitte Isak Isakson Solbjørg. Han var fødd i 1805, og gifta seg i 1829 med Anna Nilsson Utskot frå hi sida av fjorden. Året før miste ho manne sin og sat igjen med fem barn, f. 1812-1828. Odels guten, eldste sonen dei hadde i lag, heitte Engel (Ingjald) og far fødd 1822. Isak Isakson Solbjørg tok, slik skikken var, namnet Utskot, og vart fosterfar til dei fem farause ungane. Sjølv fekk Isak og Anna ein son som dei døypte Hans, etter den døde ektemannen hennes. Engel Utskot og Hans Isaksen var såleis halvbrør. Den eine søstera til Engel Utskot, Magdela f. 1826, vart gift med jakteskipper Mons Ingjaldson Trengereid, som seinare kjøpte Utskot av Engel.

Engel Utskot vart nemlig ikkje bonde som far sin. Nils Lauvskard skriv: «Hans hug sto til sjøen, han vart jakteskipper og selde garden til verbroren (svogeren), Mons Ingjaldson Trengereid.» Mons som jo sjølv var jakteskipper, bygsla eigedomen til to hålandsdøler.

Engel Utskot bygde to jakter i lag med Nils Anderson Trengereid f. 1818. Begge jaktene heitte «Hansine» og vart bygd i Søre garden på Holmefjord, i 1830 og 1840.³ Då den første jakta vart bygd, var Engel og Nils berre 8 og 12 år gamle. Truleg har fosterfaren til Engel, og far til Nils Anderson Trengereid handla på vegne av gutane.

Den 20 år yngre halvbroren til Engel Utskot, Hans Isaksen, kjøpte Rolvsvåg i 1853, berre 21 år gamal, og flytta dit med foreldra og ei søster på 16 år. Nok ein gong ser vi ein ungdom som har pengar til å kjøpa seg gard, og dette var ein måteleg stor gard med heile 7 husmannsplassar.

I folketeljinga 1865 står Hans Isaksen, som no kalla seg Rolvsvåg, oppført som sjølveigar og skipper. I 1876 sel han garden og flytter til Bergen. Han skifta då namn til Isaksen. Etterkomarane hans kallar seg framleis Isaksen, og held til i Bergen. (Chris Isaksen har skrive ei slektskrønike som med hans løyve ligg på <http://samnanger-historielag.no/>).

Eitt år etter at Hans kjøpte Rolvsvåg, gifta han seg med Maren Knutsdtr frå Ørlandet, i Bjugn kyrkje. Han var en av fleire som fann seg jente på kysten rett ut for Trondheim, der det var rikt fiske.

³ Historikar Nils Kolle har studert arkiva i sjøfartsmuseet, og har gått gjennom jektene som vart bygde i Holmefjord på 1800-talet.

Trengereid

Som vi har sett, kom det fleire jakteskipperar frå Trengereid. Garden ligg i botn av Trengereidfjorden, og derfrå er det kort, men bratt forbi Gullbotn til Trengereid i Bergen.

La oss nytta same framgangsmåten som vi har nytta på dei andre gardane, og sjå på dei som hadde rette alderen til å vere med på sildefiske i åra frå 1808 og framover. Brørne Anders Andersson Trengereid f 1768 og Ingjald Andersson Trengereid f 1779 var 40 år og 29 år i 1808. Ser vi på etterkomarane deira, finn vi det same mønsteret.

Anders sin son, Anders Andersson Trengereid, f 1794, var alt blitt 14 år i 1808, så han vart truleg konformert alt året etter. Då vart han rekna som vaksen og kunne vere med på sjøen. Han vart gift med 3 gonger, dei to første konene døydde frå han. Han fekk 11 barn, med dei to første konene. Som med dei andre moglege pionerane veit vi ikkje sikkert kva han dreiv med, men vi veit at han var velståande, og at fleire av etterkomarane hans vart jakteskipperar.

Sonen hans igjen, Nils Andersson Trengereid, vart gift to gonger, først med Kari Samuelsdtr Haukanes ei søster til jakteskipperen Olav Samuelson

Haukanes. Med henne fekk han 8 barn. Då ho døydde, gifta han seg med Sigrid, søster til den første kona og jakteskipperen Olav. Dette er ikkje bevis for at han var med i jaktefarten, men han var tett knytt til andre som gjorde det. I tillegg har han vore velsedd i bygda og har hatt god råd.



Nils Anderson Trengereid f. 1818 og den andre kona hans, Sigrid Samuelsdtr Haukanes, f. 1830 og g. 1875. Bildet er frå bygdeboka av Nils Lauvskard, og må vera eit svært tidleg fotografi. Om nokon har originalen, er historielaget interessert i å få kopiera det.

Sonen til Gamle Ingjald, (han som 29 år i 1808), kalla de Ingjald etter faren. Ingjald Ingjaldson Trengereid vart fødd i 1820, og vart gift med Magdela Samuelsdotter Haukanes, endå ei søster til jakteskipperen Olav Samuelson Haukanes. Ingjald var sjølv jakteskipper, og han og kona flytte til Olsvik, den gongen i Askøy kommune. Dei fekk seks barn. Berre to av døtrene vart vaksne, og dei gifta seg med kvar sin samning.⁴ Kristine Oline med Mons Larson Gaupholm, skipper. Sigrid Malene (Lina) med Knut Kleppe. Også han vart skipper og jakteeigar. (Sjå eigen artikkel om Kleppe-reiarlaget.) Både desse ektepara flytta inn på garden Olsvik, som vi veit vart eit senter for nordlandsfarten.

Den andre sonen til gamle Ingjald Anderson Trengereid, Mons Ingjaldson Trengereid f. 1819, er omtala av Nils Lauvskard som ein drivande nordlandsskippar og ein velstandsmann. Jaktetrafikken må ha kasta mykje av seg, for han samla Trengereid, som hadde vore to bruk, og han eigde heile Utskot, som han hadde kjøpt av svogeren sin, Engel Utskot, som også var jakteskipper.

Mons vart gift med Magdalena Hansdatter Utskot f. 1826, og dei fekk fem barn. Den eldste guten, Ingjald Monsson Trengereid, overtok som jakteskipper etter faren. Nils Lauskard skriv i Samnangersoga at han og var «ein dugande jakteskipper som dreiv med sigling i mange år fyrr han tok garden». Han døydd barnlaus. Seinare vart garden delt, og seld.

Dei to andre sønene til Mons Trengereid, Hans og Annanias har stor etterslekt i Samnanger.

På Trengereid var det notbruk, så vi veit at i tillegg til nordlandsfarten har sildefiske vore med på å byggja opp rikdomen.

Ytre Tysse – Lie – Nygård – Ådland - Steintveit

På Ytre Tysse bur framleis slekta etter Per Tysse. Per Tysse var prestesonen, som på 1600-talet kjøpte opp mange gardar i Samnanger og slo seg opp på sagbruk og skottehandel. Omkring 1814 var det oldebarnet hans, Rasmus Knutson Tysse, 1876, som sat med garden. Som fleire andre vi har omtala, var også han gift med søskenbarnet sitt. Ho heitte Elseber Johannesdtr Tveit, og dei fekk 8 barn. Rasmus sat truleg godt i det, alt før det rike sildefisket starta.

⁴Info frå Svein Egil Kvale

Kva han og sønene hans dreiv ned, veit vi ikkje, men vi veit at 3 av barnebarna hans, vart fiskarar eller jakte-eigarar. Vi har tidlegare skrive som Bård Johannesson Steintveit i årboka for 2017, og om Hans Rasmussen Barmen i 2018. Dottera Elisabet Rasmusdtr Tysse, 1819-1907, vart gift med Johannes Axelson Lid. Dei fekk fleire søner, som var fiskarar. Ein av dei var Hans Nygaard, som vi skreiv om i 2018. Svein Egil Kvale kan fortelja at Hans Nygård var bror til oldefar hans. Hans hadde fortalt, at då han var 14 år gamal, var han med faren på «sørafiske» til Røvær ved Haugesund. Kvale legg til: *«Etter at faren døydde i 1873, var han nok i lag med dei fire eldre brørne som også dreiv med fiske. Saman hadde dei fleire større notbåtar som dei reiste med, heilt nord til Lofoten, om vintrane.»*

Vi nærmar oss slutten på det vi veit om slektene som dreiv fiske, og førde fisk med egne jakter. Avslutningsvis skal eg nemna at Olarane, (ein av familiane på Ådland), og Steintveitslekta, var inngift i kvarandre. Sigrid Thomasdtr Aadland, som du kan lesa om i årboka for 2017, miste mannen sin, Rasmus Steintveit, under Lofotferd i 1863. Seinare mista ho også bror sin, Thomas Thomasson Aadland, som då kalla seg Nordvik. Han drukna under ei Nordlandsferd.

På Kristitunet på Ådland finn vi også sjøfolk: Rasmus Tomasson Ådland f.1830 var 70 år gamal då han var mannskap på ei jakt i år 1900, i lag med Torgils Erikson Gaupholm.⁵ Nevøen hans, Thomas Johannesson Aadland f. 1868, også han frå Kristitunet, kjøpte og bygde på Haga. Han var også involvert i fiske, Nils Lauvskard skriv at han var bygningssnekker og notbas. Gamle folk kan fortelja at han hadde nøtene sine på Notaholmen. Der var det ikkje rotter som kunne øydeleggja dei. Han gjorde det nok godt, for han bygde seg hus, som etter den tida sin målestokk, vitnar om velstand.

Historia om jakteskipperen Rasmus Barmen, kan du lesa i årboka 2018. Han var både nevøen til jakteskipper Bård Rasmusson Steintveit, og søskenbarn til jakteskipperane Tomas og Knut Steintveit. (sjå årboka 2017). Som nemnd var både Bård Steintveit og Rasmus Barmen frå Ytre Tysse. Rasmus Barmen gifte seg med Anna Nilsdotter Solberg, som var søster til jakteskipper Nils Nilsson Solberg. (Nils var ein av dei som eigde Debora, sjå eigen artikkel i denne årboka.)

⁵ Manntalet 1900

Det kan ha vore innfløkt å følgja med på alle desse slektslinene, men hovudbodskapen er at det var nokre få familiar som dreiv jaktefart og fiske. Dei var i stor grad inngift med kvarandre. Det var søsken og søskenbarn som dreiv i lag. Og dei gjorde gode pengar, så formuar vart bygd opp over få år på 1800-talet. Nokre flytta til Bergen. Men mange vart også igjen i bygda. Svært mange samningar i dag, er etterkomarar etter desse driftige pionerane.

I dei neste artiklane går vi nærmare inn på dei jaktene og familiane vi veit mest om.

Kjelder:

- Amerikafararen Knut Langeland si bok frå Amerika 1888: Nordmændene i Amerika.
- Folketeljningane går tilbake til midt på 1800-talet.
- «Gamle dagar i Samnanger» - Årbok 2015 og 2018: Om dei to langelandsbrørne som emigrerte til Amerika: Knut Langeland og Mons Langeland.
- Samnangersoga del 1, av Nils Lauvskard.
- Chris Isaksen frå Bergen stammar frå Solberg, og han har studert slekta, som liværte seg fiskarar og jekteskipperar.
- Øivind Lars Søvik, som stammar frå Gaupholm har gitt eit liknande bidrag.
- Erling Viksund frå Vaksdal stammar frå Langeland, der ein jakteeigar flytta til Bruvik med familien. Også han har studert denne perioden.
- Naust og båt-bygging gardsnr. 14, bruk 3 Holmefjord, av Nils Kolle.
- Svein Egil Kvale, som alltid har vore til stor hjelp når eg har spurt han om råd og hjelp.

Galeasen Debora

– reiarlaget frå Solberg

av Tor Wold

Då Bjarne Solberg gjekk til sjøs 15 år gamal, i 1964, gjekk han i fotspora til forfedrane, som truleg hadde drive på sjøen i fleire generasjonar. Farfaren Nils Nilsson Solbjørg var medeigar i eit tomastra seglskip, ein galeas, og farfaren som også heitte Nils Nilsson Solbjørg var truleg sjømann og fiskar. Dette skal vi koma tilbake til.



Bjarne Solberg. Bak til venstre i bildet ser vi holmen på Gaupholm, der ein kunne søkja nødhamn

Bjarne starta sjømannslivet på Statsråd Lemkuhl. Sidan har han vore på sjøen det meste av tida. Den siste tida i arbeidslivet har han vore Styrmann på ferga mellom Gjerdmundshamn, Varaldsøy og Årsnes. Når han no gir seg, får han meir tid til campingplassen på Gaupholm, som han driv i lag med kona si, Gudveig.

Campingplassen er populær, og kvart år har dei gjestar frå mange nasjonar. Som elles er tyskarane spesielt ivrige, og mange av dei har kome tilbake i alle år, sidan foreldra hans, Bernhard Solberg og kona Alvhild dreiv campingplassen.

Går vi 100 år tilbake i tid, låg galeasen Debora i naudhamn attmed holmen på Gaupholm, om lag der turistane no kosar seg. Bjarne sin far fortalde frå då han var liten, at det var dårlig ver, og dei flytta galeasen inn frå andre sida, truleg frå Solbjørg. Dei la henne på Gaupholm for å søkja le. Nils Nilsson Solberg (f. 1850), farfar til Bjarne, eigde skuta i lag med fleire andre.

Går vi til sjøfartsmuseet og folkeregisteret, finn vi ut at Debora vart bygd i Rosendal i 1872. Ho vart kjøpt i 1874 av ei gruppe menn i Vik i Sogn. Seinare, i 1904 kjøpte ein bøkkar (tønne- og kasse- og brettmakar) i Bergen skuta i lag med dei fleire, i eit reiarlag. Bøkkaren heitte Lars Nilsen Solberg (f. 1866). Han vaks opp på Solbjørg, og var bror til Bjarne sin farfar, som hadde gifta seg og flytta til Gaupholm.



*Galeasen Debora, måla av F. Søvik i 1875.
Med løyve frå sjøfartsmuseet i Bergen.*

Vi veit frå munnleg overføring av den tredje broren, Torbjørn Nilsson Solbjørg (1863) deltok på fiske ut for Island med seglskute, så han har truleg også vore med.¹

I 1901 under folketeljinga, budde bøkkaren hos onkelen sin, Hans Larsson Gaupholm f 1878. Hans var jakteskipper og budde i Bergen.

Øvrige partseigarar:

- Broren til Hans Larsson Gaupholm, Haldor, var også jakteskipar og busett i Bergen – det er uvisst om han var medeigar.
- Ein kar frå Tysnes skal ha vore partseigar.
- Strandebarmingen Lars Berge, som vart opphavsmann til firmaet Båt-Berge, formidla kjøpet, og åtte også ein part.

Som i dei andre «reiarlaga» ser vi at fleire, gjerne nære slektningar, slo seg i lag, og kjøpte og dreiv båtar.

Bjarne Solberg fortel: Med Debora reiste dei både til Frankrike og til Murmansk. I Murmansk, selde dei tønner med salt sild. Der var det elendige forhold, og sjauarane svalt. Mannskapet på Debora sørgde for å miste tønner med sild i kaia så dei sprakk, og silda flaut utover kaia. Sjauarane var så utsvelta, at dei nærast slukte heil salt sild og gøymde sild innafør trøyene sine.

Vi veit frå andre at jaktene nokre gongar for til Bologne i Frankrike. Der var det livleg handel, og dei kunne nok både levera fisk og kjøpa salt. (Bologne-sur-Mer er ein hamneby på fransk side av en engelske kanalen.)

Og sjølvsagt tok dei del i den lønsame verksemda med å kjøpa skrei i Lofoten, som dei flekte og salta for å laga klippfisk før dei selde han vidare.

Yngve Nedrebø har skrive meir om Debora i Arkivposten. (Statsarkivenes eige interne magasin).

Denne historia kan du lese på heimesida vår, under
Årbøker, der vi legg ut tilleggsstoff.

¹ Informasjon frå Reidar Torbjørnson Solbjørg, sonesonen til Torbjørn Nilsson Solbjørg, overlevert underteikna av Øyvind Holdhus i Arna (fetteren til Reidar).



Skårungen

av Tor Wold

Han var vaksen, 15 år, og nett konfirmert. No skulle han vera med på sildefisket. Då han vaks opp ved Samnangerfjorden, hadde han tidleg vorte van med å vera på sjøen, han hadde vore med bestefaren på "heimafiske". Han var sterk, og kunne handtera ein færing. Då dei rodde til lesing hos kyrkjetenaren på Ådland, sat han ved årene i lag med kameraten frå nabogarden.

Brørne hans hadde alt drive sildefiske i fleire år. Dei følgde silda og fiska der det var sild å få, oftast frå Karmøy og nord til Austevoll. I år skulle han vera med første gongen, som byssegut. Han kokte på ein liten vedomn i botn av båten, med ei stor steinhelle under. Kostholdet var enkelt. Det var tørka skipskavring, graut, og av og til ein kjøtbit, og så "sild og pote". Dei første dagane vart han lett sjøsjuk, og måtte opp og spy. Han var ikkje mykje til nytte. Men etter kvart kom han seg, og dei sa seg nøgd med maten hans. Innimellom matlaginga fekk han vera med på dekk, og lærte etter kvart sjømannskap av dei eldre karane.

Slik starta mange unggutar livet som fiskar og sjømann.

Livet som mannskap

etter Samson Bjørke

Mannskapet på ei jakt levde både hardt og farefullt, mange mista livet på sjøen. Dei hadde ikkje værmelding eller redningsteneste. Nils Lauvskar skriv: «*Olav Johannesson Steinsland f. 1851, var jakteskippar og tok ut på Lofottur med jakta straks etter nyttår. Han lei skipbrot ved Skrova i Lofoten 9. februar, der både han og heile mannskapet kom bort. Dei som var med om bord var: Nils Johannesson Steinsland (Frøland), Samuel Johannesson Gjerde, Johannes Sjurdsen Tveitarås og Peder Olavson Langeland. Nils Steinsland, Johannes Tveitarås og Peder Langeland vart jordfesta på Vågen kyrkjegard den 11. juli 1881.*»¹ Hans Tysse fortel at han var på kyrkjegarden der nyleg og at gravene nå var sletta.

Tidleg på 1800-talet var båtane små og dei måtte halda seg nær land, i fall uver, så dei kunne søka hamn i tide. Ofte måtte dei liggja lenge og venta på lagleg vind. Overnatting om bord var berre aktuelt på fine sommar dagar. Litt utpå 1800-talet kom hardangerjaktene i bruk. Der var det betre plass. Akterut hadde skipperen og bestmannen kvar sin kahytt, og framme var mannskapslugaren, med køyesenger under tak.

Vi kan få litt innblikk i livet som sjømann på ei Samnangerjakt når vi les i boka som Samson Bjørke frå Os ga ut i 1984: Lønningdal - Folket og båtane. Han skriv om Lars Jonsen Lønningdal Bogstrand, f. 1852.

Tor Wold

Lars reiste med ein båteigar frå Solbjørg i Samnanger. Han åtte ei jakt som segla på Nordland. Arbeidsrytmen som Lars hadde, kjenner ein til. Som nordlandsfarar fekk han vera lite heime. Det var kona og borna som måtte stella bruket.

Lars drog nordover om hausten og var med på feitsildfisket. Etter kvart som dei fekk kjøpa fangstar, var det å salta ned. Når skuta var lasta, gjekk dei sørover for å omsetja silda, og kom som regel heim ved juletider.


Når det leid vel over nyåret, var det å utstyra seg på nytt. No drog dei for å ta del i Lofotfisket, der dei kjøpte torsk, flekte og salta til jakta ikkje tolde meir.

1 Samnangersoga 1 side 478

På denne turen var Lars borte heilt til sumaren av di dei måtte tørka og omsetja lasta før dei kom heim. Turkestader var det dårleg med i nærleiken av Lønningdal. Difor heldt dei seg utanfor bygda. Då turking og omsetjing av fisken var unnagjort, kom dei heim for å vera med på slåttan. Men det var ikkje alltid lett det heller. No skulle båten vølast om og setjast i stand til neste sesong, så Lars heldt seg mykje inne på Solbjørg.

Han hadde fast løn, men denne var lita. I tillegg hadde han lott i fortenesta. Eit år kunne det gå knakande godt, eit anna år gjekk det med dunderande underskot, fortel folk.

Om Lars vert det fortalt at han var ein god sjømann, og at han flekte fisk som ein maskin, men ikkje kunne han fiska, ikkje bøta eit garn, og ikkje åtte han såpass om ein færing. Men levde av fiske som gjekk føre seg kringom på havet, gjorde han likevel, heile sitt liv. Lars døydde i 1904, berre 52 år gamal, og kona sat att med ungeflokken på småbruket Træet i Lønningdal.




Sjøfolka frå Indre-Tysse

av Tor Wold

På garden Indre-Tysse døydde Ingjald Hogneson i 1810 eller 1811. Han var berre 45 år, og enkja, Anna Larsdotter Indre-Tysse sat igjen med seks mindreårige barn. Sjølv var ho berre 32. I Europa raste Napoleonskrigen, og fleire frå bygda var sendt til svenskegrensa som soldatar. Engelskmennene hadde blokkert Skagerak, og folk svalt fordi kornimporten frå Europa var sperra. Det var berre silda som gjorde at mange slapp å svelta i hel.

Like etter at Anna miste mannen sin, gifta ho seg igjen med Sjur Ingjaldson Kleppe f. 1783, frå den andre sida av fjorden. Dei fekk to døtre. Eldsteguten hennes, Lars Indre-Tysse f. 1802, var berre 8-9 år gamal då han vart farlaus og stefaren flytta inn på Indre-Tysse.



Indre-Tysse, bruk B. Biletet er teke frå stien til Smådalsvatnet, i lia ovanfor Ytre Tysse. Lars vaks opp i det vesle huset attmed låa. Som vaksen bygde han nytt hus; til venstre i bildet.

Over fjorden, på Kleppe, vaks ein annan gut opp. Det var Ingjald Monsson Kleppe, og han var 3 år yngre enn Lars. Far til Ingjald, og stefaren til Lars, var brør, så dei to gutane vart mest som søskenbarn. Vi veit at Ingjald Kleppe opp gjennom åra dreiv med sildefiske. Han vart far til jakteskipperen Mons Kleppe, som har fått eigen artikkel i denne årboka. Ingjald Kleppe var registrert som notabrukar i manntalet for 1865. Då var han 60 år gamal.

Vi veit ikkje sikkert at Lars Indre-Tysse var med Ingjald på sildefiske, men vi veit at nær slekt arbeidde i lag, og hadde båtar i lag. Som nemnt var stefaren til Lars, og far til Ingjald, brør. I 1808, då silda kom tilbake, var disse karane 43 og 26 år gamle, så dei var nok karar for å ta del i fisket og sikra seg mat.




*Engel Larsen Indre-Tysse, (Ingjald),
f. 1848.*

Seinare, i 1848, fekk Lars Indre-Tysse ein son, dei kalla han Ingjald – eller Engel, etter farfaren.

Engel Larsson Indre-Tysse, vart sjømann, og fiskar, og var mange år på sjøen. Han er farfar til Johannes L Tysse, f. 1926. Johannes fortel: «Bestefar var med på nordlandsfart med Mons Kleppe. Han var 15 eller 16 år da han var førstereisgut på Mons Kleppe si nordlandsjakt til Lofoten. Dette må ha vore i 1863 eller 1864. Engel og mange med han, begynte som byssegut på ei jakt. Etter eit par sesongar vart dei dekksgutar. Det trengtes sterke karar til å heise og reve segla, og det var mykje arbeid om bord, særlig med flekking og salting av fisken.

Seinare reiste Engel med mange skuter. Johannes har sjøfartsbøkene etter farfaren, og der finn vi kontraktar og rekneskap over løna han fekk. Ei av bøkene er frå 1881.



Dette er hyreboka Lars fekk på Jakta Nordstjernen. Han var hyrt inn av Kapteinsborger G Apold som bestmann og fisketørkar, på ei reise frå Bergen til Lofoten. (Ein bestmann var leiar eller bas for dei som arbeidde på dekket.) Løna var 15 kr i veka.

I boka les vi at dei var i Svolvær 30. mars 1881. Derfrå har dei segla sørover, og fem veker seinare er dei i Smørhamn, som ligg mellom Måløy og Florø. Der var dei i ro i seks veker, frå 5. mai til 19. juni. Når dei låg så lenge i Nordfjord, var det truleg for å få tørka torsken dei hadde salta ned i Lofoten, slik at han kunne seljast som klippfisk. Den 25. juni kom dei til Bergen, og der fekk han slutttoppgjeret. Frå 17. januar til 25. juni hadde han tent 352 kr og 50 øre.

Den andre hyreboka er frå 1888. Då vart han hyra av Skipperborger Carl J. Hamre på dampskipet S/S Mimes, som kjentmann på ei reise til Lofoten. Vi les i årboka for 2018 at kjentmenn vart brukt i dei farlege farvatna langs Norskekysten fordi losvesenet ikkje var godt nok utbygd. Der les vi også om «Vikalosen». Han var søskenbarn til Engel, og vaks opp på nabogarden bruk A på Indre -Tysse.

Indre-Tysse, bruk A, om lag 1900. Garden ligg på grusbakken, over dei nye husa. Her vaks «Vikalosen» opp med seks søsken.



«Vikalosen» hadde ei søster og fem brør. Tre av søskenflokket vart sjøfolk. Både han og ein av brørne vart losar, og busette seg i Bergen. Ein tredje, Johannes, vart òg sjømann, han flytta nordover.



*Johannes Johannesson Indre-Tysse
f. 1858.*

Dette er Johannes Johannesson Indre-Tysse, som vart morfar til Johannes L Tysse. Han var født i 1858. Etter å ha vore på fiske nordpå i vel 10 år, hadde han tent nok pengar til å kjøpa garden Kongselv i Raftsundet (Nordland). Han fann ei jente i nærleiken, i Hadsel kommune, der garden låg, og gifta seg med henne. Dei fekk tre barn. Både Johannes og kona døydde tidleg. Johannes omkom på sjøen.

Vi kan lura på korfor så mange på garden Indre-Tysse vart sjøfolk. Igjen er det nærliggande å tru at kontakten med Kleppe, og sildefisket tidleg på 1800-talet, har betydd noko for dette.

Tørkinga til klippfisk

skildra av Knut Hamsun

Etter at jaktene hadde handla skrei av fiskarane i Lofoten, segla dei til tørkeplassar sørover langs kysten. Da begynte ei rolegare tid for mannskapet om bord. Mange stader langs kysten hadde dei fastbuande fjerna vegetasjonen, så svaberga låg reine og venta på fisk. Bygdefolket stilte som tørkemannskap mot betaling. Vi har ingen direkte kjelder, men nobelprisvinnaren, forfattaren Knut Hamsun hadde sjølv opplevd dette. I lett modernisert språk lar vi han fortelja korleis Skipper Skåro frå Hardanger, og to av mannskapet hans, kameratane August og Edvard for fram, då dei kom til tørkeplassen. Først skulle saltet vaskast av fisken:

«Utvaskingen begynte med Skjenk og Kringle til alle som en, August gikk rundt med flasken og Edvard med kringlene. Vaskingen ble meget høyt betalt fordi det var et tungt og grisete arbeid, så meget for 120 fisk, et Storhundrede. Det var Menn som hev fisken opp fra Lasterommet, den blev så lempet ned i Båter og ført til land, her sto Menn og til dels Kvinner til knes i Sjø og vasket Fisken, det gjaldt å fjerne alt størknet Blod og den sorte Bukhinnen og få hvit vare. Når Fisken var ren, blev den båret bort på to Manns Bårer og fordelt utover Bergene. August med Edvard ved sin side foresto alt oppe fra Båtens Dekk, de hadde overblikk, ropte nå og da ned i Lasten, pekte og dirigerte Båtene. Karolus med sin Ottring tjente nå dyktig med Penger, han kunne føre et Storhundrede om Gangen i sin svære Båt. Skipper Skåro var ofte på land og så seg omkring på Bergene og skjemtet med Kvinnfolkene som vasket. Hans Spøkefullhet blev vel opptatt.

Nogen Dager efter var Lasten utvasket og Båden blev spylet gullende ren. Fisken lå nå i små hauger utover Bergene og bare

ventet på at de siste Sneflekke skulle smelte. Og så tok tørkingen til. Hver morgen begynte med Dram til Mennene, Barn og Kvinner fikk en Kringle eller en Neve Nøtter, men ingen Dram. Å, det var et mildt Brennevin, det smakte så lite sterkt av det, Skjenken var bare Tegn på godt Forhold og var Skikk og Bruk ved alle Tørkeplasser. Edvard gjorde seg til venns med mange Små ved å stikke til dem en ekstra Kringle eller noen Nøtter i smug, de gikk til Dagsverket med Liv og Lyst etterpå og gjorde ingen Innvendinger. Når så Fisken var spredd, var det Middag og en Times Hvil, så blev fisken snudd og lå med Ryggsiden opp noen Timer, hvorpå den samledes sammen til kvelds. Det vrimlet av Folk utover Tørkeplassen.

Allting gikk nå regelmessig, bare avbrutt av Helgedager og en og annen Regnværsdag, da Fisken stod i Stabler og ikke ble rørt.

Så kom den Dag Fisken var ferdig til Innlasting, en høy Dag med Sol og Måseskrik og Travelhet. Små og store Båter førte igjen Fisken om bord i Jakten. Karolus var der med sin Ottring og tente atter store Penger. Skipper Skåro hadde hatt en heldig sommer, han var minst to Uker foran Skipperne på de andre Tørkeplasser og kunne komme med en fin og verdifull Vare til Bergen.

Platterne stod alt om bord på Båtens Dekk og ventet på den første Fisk. Platterne det var alltid Kvinner, de steg ned i Lasterommet og la Fisken pent ned i Flør, de blev på alle Tørkeplasser gjerne utvalgt av de peneste og flinkeste og blev særlig god lønnet. Det var på en Måte en Heder å bli utvalgt til Platteringen, men det gikk Ord om at det ikke var helt ufarlig, for det vanket Mat og Skjenk i Kahytten og stundom det som galnere var.»

– Frå boka «Landstrykere» av Knut Hamsun

Soga om “krigaren” Peder Pederson Gåsdal

av Signe Mjelde Nordås

Mi bestemor, Martha Gåsdal Ådland (f.1897-1979) fortalde til oss borna, saga om Peder Pederson Gåsdal f. 1787-1874. Det var ei spennade forteljing syntes me, om den gamle ”krigaren” som ein gong hadde budd i Gåsdaalen.

Historia er skriven ned etter ”gamletanta” Sigrid Gåsdal (1867 - 1952) som levde og budde i Gåsdaalen heile livet. Sigrid fortalde mykje frå ”gamle dagar”, har mi besta Martha fortald – og ho visste mykje!

Eg fortel det her, slik det er nedskrive, om Peder Pederson Gåsdal:

I unge år vart han utkalla til krigen på svenskegrensa. Han vart borte i mange år. Han fortalde om den tida, korleis det hadde vore, - og det må ha vore fælt!

Ei av sogene Peder fortalde var slik: ”Ein kald vinterdag då soldatane skulle gå til ro, kommanderte ein av befalet at soldatane skulle gå inn i ei steinbu og vera der om natta. Det var svært kaldt. Då sette Peder seg opp mot befalet, og kravde at soldatane i staden skulle skeisa rundt på eit vatn heile natta, for ikkje å frysa ihel. Befalet var redd at nokon ville røma om natta. Men Peder sa han skulle gå god for dei, og på oppstilling neste dag var dei der alle mann!

Det vart slik han kravde det, men dagen etter vart han kommandert inn i steinbua, åleine.

Det sette soldatane seg imot. Dei kravde å få vera med i steinbua, - alle eller ingen! Dei skjøna at Peder skulle refsast for å ha sett seg opp mot befalet - kanskje takast av dage?

Men om dei hadde gått i bua den natta, ville dei ha frose ihel alle, meinte Peder. Han gjekk fri sin ”refs” og vart i staden fremja til befal. Han fekk seinare sin eigen tropp.

Elles fortalde han mykje vondt og, - som at elva var raud av blod etter slaga. Det vart fortald at då han var gammal og lite god til å vera med i arbeidet ute, sat han gjerne i skykkja og såg framfor seg. Då var augo hans så stygge at folk var mest redde å gå framom.

Men noko positivt bar krigsåra med seg. Han lærde å lesa, skriva og å rekna. Og det var det ikkje alle som kunne. Han lærde seg og smedyrket. Han lærde å laga kolmiler og slik skaffa seg kol til eige smie når han kom heim att.

Smia i Gåsðalsbotn er synleg enno. Den er under ein stor stein i ura, og med ein liten mur omkring.

Då Peder var på svenskegrensa i krigen, kom han ilag med ei dame der. Me veit ikkje om han kan ha lova henne ekteskap. Men ettersom han var der i fleire år, ser ein vel ikkje bort frå at han kan ha trulova seg med henne. I alle fall kom det ei svensk dame til Tysse og spurde etter Peder. Då ho fekk vita at han var gift og hadde familie, vart ho svært sint. Der og då lyste ho ei forbanning over han og hans ætt – over dei som heitte Peder, rett nok.

Forbanninga gjekk på eit vis i oppfylling. Alle med namnet Peder seinare, døydde tidleg. Første Peder etter ”krigaren” overtok ikkje garden. Han busette seg på Myrland. Broren, Lars, tok over garden. Eldste sonen hans heitte Peder, og han kom heller ikkje til å overta garden.

Det heiter seg at han døydde barnlaus. Men han hadde ei dotter. Ho var til dåpen den dagen han døydde. Og dottera fekk namnet Nilla (kanskje Pernilla?). Ho døydde òg ung. Ho døydde i barnseng. Peder, far til Nilla, vart sjuk i halsen etter noko han skulle ha drukke. Kona hans gifta seg seinare oppatt og vart buande på Ulland. Slekta etter Nilla rekna alltid på at ho var frå Gåsðal. Sigrid rekna alltid på at borna hennar var nær slekt og ho ville gjerne vita korleis det gjekk med dei.

Peder Pederson, krigaren, var mykje i smia si og der laga han mellom anna ein kinkelås. Den var i bruk på døra inn til lemmen i gamlebua i Gåsðalen. Vidare var det ei kole. Den stod på eldhusmuren i mange år, men er nok borte no. Smeden hadde mykje arbeid i smia og det var på veg heim frå smia at han døydde. Han fall om på vegen frå Lamhushaugen og ned mot kvernhuset. Då dei stelte han, fann dei at han hadde balt med eit brokk. Han hadde laga seg eit brokkbind av never, og hjelpte seg med det.

Det er tidlegare fortald at medan han var i krigen lærde han seg å lesa og skriva. Og i 1821 kjøpte han ei klokke. Etter den tid var det ooppgjeve klokkeslett for kva tid borna var fødde. Han skreiv og opp kor mykje korn og poteter dei fekk kvart år. Dette noterte han i ei lita bok. Boka var ei lite klenodium som borna fekk sjå ilag med ein vaksen!

Klokka heng på veggen i Gåsdaalen enno, og er som eit smykke i stova. Det var ein klokkemakar på Ulland som av og til kom og reparerte urverket.

Gardbrukarane i Gåsdaalen heitte aldri meir Peder. Det var Lars, Hans og Ole – og i dag er det Elfrid som har garden.

Litt minne er der framleis å sjå etter den gamle Peder: restane etter smia finn ein framleis, og i Trældshola, der mi bestemor – og seinare mi mor – har hytta si, der viste det greitt kor kolmila hadde vore. I grunnen var eit tjukt lag med kvit brend jord og oske.

Og i Gåsdaalen er eit gamalt diplom som Peder fekk då han slutta i Bergenhus regiment, der han hadde tenestgjort som grenader og jæger.



Me tolkar diplomet slik:

Af hans Majestæt Sveriges og Norrigs konge, Naadigst beskikket General Lieutenant, Commanderende General, Commandant paa Bergenuus Cheffor det Bergenhuusiske Infanterie Regiment, Kommandeur af Sværdordenen og Commander af Dannebrogen; Jag Christopher Friedriek Petter Theodor von Lowzow, Gjør vitterligt, at nærværende Peder Pedersen Gaasdahl fød i Bergenhus stift og Ous Prestegjeld -28- Aar gammel 64 1/2 Tommer høi brun af haar blaa av Øine god af Lemmer, har tjent ved det Bergenhuusiske Infanterie Regiments... Jægerkompagnie siden den 26de April Aar 1907 som Grenader og Jæger – og i den Tid opført sig som det en brav Krigsmand sømmer; men da han nu har udtjent shin paatagne Tiid og ikke ønsker længre ved Kompagniet at forblive, saa meddeles ham herved en hæderlig Afskeed af Krigstjenesten.

*Bergenhuus den 28de April
Aar Et Tussind Otte hundrede og femten.*

– Lowzow

Dette var historia om den gamle krigar Peder Pederson Gåsdal som levde og budde i Gåsdalen – og som har etterlate seg ei interessant og historisk soge som lever i dag, nær 150 år etter hans død, fordi der har vore ein forteljartradisjon som har bore historia vidare i slekta.

II Ein gutunge på Totland under krigen – og litt etter

av Henrik Brigtsen

I årboka i fjor fortalde Henrik Brigtsen frå barndomen på Tysseland og Totland. I år får vi vandra vidare med han gjennom barndomsminna hans.

Livet måtte gå sin gang, skreiv eg sist. Me hadde tyskarar omkring oss heile tida – på ulike måtar. Me ungane møtte dei til og frå skulen, når me var ute og leika – kort sagt var dei der. Men me merka kanskje ikkje så mykje til dei mange praktiske vanskaner som i kvardagen møtte vaksne og dei med ansvar for familiarne. Truleg er det å ta for sterkt i å seia at nokon svolt, men ein måtte planleggja og vera nøysom. På den eine sida hadde ein rasjoneringa og dei rasjoneringsmerka som avgrensa kva ein kunne få kjøpa på butikken. På den andre sida var det å finna måtar å auka mattilgangen. Og dei fanst, i alle fall eit stykke på veg. Me og mange andre dyrka eigne poteter og grønsaker. Frukt og bær i hage og utmark vart hausta. Eit lite døme frå min eigen heim : potetene måtte i jorda så tidleg råd var – då kunne dei også haustast tidleg. Men frostnetter om våren måtte unngåast. Me ordna det ved å bretta små om lag literstore «korgar» av avisapapir, fylte jord i dei og sette potetgroer i dei – ikkje ei heil setjepotet, nei, dei måtte sparast til seinare. Me skar av eit lite stykke av poteta med groe på og sette i korgene. Så let me «potetkorgene» stå inne i varmen, vatna og stelte vel med dei til me såg at dei spirde skikkeleg godt. Det tok si tid, men i mellomtida var våren komen og me kunne få innhaldet i korgene i jorda – slik fekk me tidlegpoteter gong på gong. Eg hugsar også godt eit par år det var uvanleg mykje netter, i alle fall trur eg det var uvanleg. Netene vart plukka før dei losna frå hamsen og så strødde utover eit høveleg golv inne til mogning, og så hadde me netter til jul sjølv om det var smått om det i butikken.



Som nemnt sist hadde me og fleire av dei andre funksjonærfamiliane nokre sauer og somme også nokre geiter. Det vart lam og kje og for somme geitemelk i tillegg til den me fekk «tildelt». Desse firbeinte gav også kjøt og annan god mat i slaktetida og utover vinteren – alt som nyttast kunne, vart nytta. Høner skaffa oss egg.

Ein spesiell matrett må nemnast – *danskesuppa*. Det hende me fekk beskjed om å koma til kraftstasjonen for no var det suppe å få. Eg vart send med mjelkespannet vårt til det som den gongen var lagerbygningen. Der stod det store spann med suppe og ein av karane på stasjonen mælte opp til meg og andre som hadde møtt opp – det var mange. Om det var berre dei som var knytte til kraftstasjonen, som fekk, veit eg ikkje. Men suppa var komen frå Bergen etter det eg veit. Det var jo rimeleg bra kontakt mellom byen og kraftverket. Om ho eigentleg var dansk, veit eg heller ikkje. Men me veit jo at det var hjelp å få frå Danmark. Det er ein grunn til at ein sentral stad i byen etter krigen vart omdøpt til Danmarks plass.

Det har knapt, korkje før eller seinare vore så mange grisar – firbeinte – i Frølandsdalen som det var i desse åra. Omgrepet «stjernegris» var ikkje oppfunne – nei, det var meir spørsmål om kor tung ein kunne få dyret før det måtte «til pers» – og tida for det var når julehøgtida nærma seg. Kva dei vart fora med, skal eg ikkje meina så mykje om, men også grisen likar poteter. Og så var det sildemjøl, næringsrikt sjølvsagt, men bruken måtte avsluttast i tide. Eit år gjekk det gale hos oss – det vart lite lukt av steikt flesk, men desto meir av steikt sild, og smaken held seg også fram til spekeskinka skulle prøvast. Det var nok berre far som syntest han måtte prøva fleire gonger. Den tabben vart ikkje gjenteken.

Kanin høyrde også med til kjøtproduksjonen hos oss og nokre andre. Eg kan ikkje hugsa at me fekk så mykje ut av det, men litt. Det var jo også litt moro med kaninane og ein gutunge kunne ta seg av dei oppgåvene som følgde med – reingjering i buret, sørgja for fôr og anna. Dei var leie til å grava seg ut når me sette dei i bur ute på graset – netting i botnen måtte til. Å få tak i dei når dei hadde kome seg ut, var ikkje lett. Når ein trudde at *no* har eg deg, spratt dei til. Far hadde sin eigen «patent» her. Me slo jo gras og hadde river. Mangla det ein tinne i riva, var ho ideell til kaninfangst – berre å snika seg innpå bakfrå og så tre opningen i rivehovudet ned over nakken på kaninen – då kom han ingen veg. Til strø i buret brukte me gjerne sagrusk (sagamo) som eg henta på kraftstasjonen sitt vesle sagbruk. Ein måtte venta utanfor til saga var i ro. Ein gong eg

sto der og såg på karane som brukte saga, i god avstand trudde eg, reiv sagbladet laus ein stor kvist or treet dei arbeidde med. Den traff meg med full kraft på kinnet like under høgra auga. Det vart «knock out», eg gjekk i bakken og slo hol i bakhovudet. Eg var nok «langt borte» ei stund og hugsar berre at mor var nokså forferda då dei kom heim med meg på bære. Det såg vel ikkje så bra ut med blod både i fjeset og i nakken. Eg slapp med skrekken og ei erfaring rikare.

Eg nemnde sildemjøl til grisen – også sauene og geitene tok vel imot det som ein «godbit» attåt høyet. Sild har i det heile vore ein svært viktig resurs og er det for så vidt framleis. Spikesild til middagsmat var jo svært vanleg – «sild og pote» har me alle høyr om. Silda vart tidlegare teken litt lengre inne enn no og kvar vinter kom det båtar med nyfanga sild inn til bygda. Det var ein heil sjau omkring det – for mange var det meir enn nokre få ferske sild til eit par måltid, kokte eller steikte. Far kom som regel heim til oss med ein halv kasse – hugsar eg ikkje feil, var det om lag 50 liter, temmeleg mange sild altså. Av og til også ein heil kasse – då delte me med mormor og tante på Tveit. Og silda måtte takast vare på straks. Sjølv sagt vart det nokre måltid med steikt sild – mykje bein, men ganske godt. Storparten vart sløyd og då måtte eg sjølv sagt delta – kaldt på fingrane var det ofte, men – . Så var det å laga saltlake, røra ut grovsalt i vatn til ei potet flaut. Då var laken sterk nok. Eg hugsar ikkje kor lenge silda låg i laken – det var ikkje svært lenge. Neste oppgåve var å festa to og to sild saman og så bar det til røyking. Området omkring kraftstasjonen var heilt ulikt dagens område, mange større og mindre hus, og eit av dei små var røykjehuset. Der vart silda hengd opp på nokre lange stenger og under vart det fyrt – sagflis og brake på varmen skapte røyk. Når denne «røykeprosessen» var over, var det å henta silda heim. Mange av desse oppgåvene var greie nok for ein gutunge – i alle fall når ein var over dei første skuleåra. Det var i grunnen nokså lærerikt – noko mine etterkomarar knapt får vera med på. Så vart det middagar med røykjesild, poteter og kårabistappe – god mat, spør du meg. Men det var ikkje slutt med det. Silda vart hengd opp på eit turt og luftig loft og etter kvart var ho i spikje, slett ikkje så verst mat det heller med poteter attåt. Men ho vart nokså tørr etter kvart. Då vart dei turre, røykte sildepinnane til ein godbit for sau og geit. Hadde ein slikt med seg, var det lett å få nærkontakt også med sauene – geitene var jo alltid «selskapssjuka».

Kvardagane hadde sine praktiske utfordringar i tillegg til det som er nemnt om framanfor – og utfordringane var mange og ulike. Bilar var det få av, nokre lastebilar som måtte til for å halda «hjula i gong» i overført tyding og nokre drosjar. Dei få private personbilane som fanst, sto for det meste i ro – av to grunnar : dei kunne verta tekne / beslaglage av dei som styrede elller det var knapt råd å få drivstoff. Alt i 1939 hadde det vorte innført bensinrasjonering. 31. mai 1940 melder Bergen politikammer om streng rasjonering og at ein berre kan kjøpa bensin mot bensinkort, og det var det berre eit fåtal som fekk. For å kunna kjøra måtte ein i bilen ha kjøreløyve, kontrollbok og bensinkort. «Utfluktskjøring og fornøydelseskjøring» var forbudt. Det fanst hjelperåder for somme av dei som måtte kjøra, men dei var heller lite effektive – mange yrkeskjøretøy brukte *knott*, nokre få andre brukte *karbid*. Det siste var nok velkjent, men brukt til andre formål. Karbid blanda med vatn utviklar ein svært brennbar gass som lenge hadde vore i bruk i ulike typar lampar, t d for dei som arbeidde i gruver eller tunellar – farleg, men svært nyttig. Også i dei tidlege billyktene vart det brukt karbid. No kunne altså gassen brukast som drivstoff i bil. Eg hugsar berre ein bil i Samnanger som brukte karbid. *Knott* derimot vart brukt både på lastebilar og bussar – eg kan ikkje hugsa at personbilar brukte det. Knott var småkutta og kløyvd ved av lauvtre, vanlegast or / older. Den fanst og finst det rikelag av i Samnanger. På fleire gardar skaffa dei seg elektrisk kappsag og laga knott som vart levert i sekkar til brukarar, papirsekkar trur eg. Knotten vart så tømde i ein stor tank som sto på lasteplanet eller bak på bussane. I eit eige, lite brennkammer under knotttanken vart det fyrte og etter kvart som knotten vart varma opp inne i tanken, utvikla han gass som altså vart drivstoff. Ei relativt tidleg utgåve av biogass som drivstoff kan ein kanskje seia. Serleg godt drivstoff var det ikkje og slik eg hugsar det vart gjerne motorane starta på bensin og deretter vart gassen innkopla. Sjølv sagt måtte tanken regelmessig tømast og etterfyllast med knott. Både tungvindt og lite effektivt, men der var også ei positiv side ved dette – «produsentane», oftast bønder som skaffa seg utstyr og hadde tilgong på «råstoff», older, fekk nok ei kjærkomen ekstraintekt, men timebetalinga var nok ikkje så stor når ein ser på arbeidet som låg bak.

Få bilar som nemnt, også lenge etter krigen var slutt. Men folk var jo vande med å gå eller å sykla, for dei som hadde sett seg råd med ein. Eg hugsar godt at arbeidarane på kraft-stasjonen som hadde lang veg – frå Tysse og lengre vekke – sykla til arbeidet. Også sykklar slitest, ikkje minst vart det vanskar med å få nye slangar og dekk etter kvart som krigen leid.

Slangar kunne lappast – også me gutungar lærde å ordna det. Då var det langt verre å lappa slitne dekk. Ei råd var å leggja inn ein bit av eit anna slite dekk, ja stundom vart det å leggja to dekk utanpå einannan også prøvd, men det var vanskeleg å få det skikkeleg til. Eit par «kreative» gitar prøvde til og med å erstatta både dekk og slange med ein bit av ein hage-slange – det verka ikkje serleg bra, for å seia det forsiktig.

Ekstraintekt er nemnt. Ei til kan også vera verd å nemna. Slik eg hugsar det, var det fleire *revegardar* under krigen i dei områda eg kjende. Dei fleste vart borte kort tid etter. Då er det vel rimeleg å tenkja kven som var viktige kundar. Det var ein god del arbeid med å stella og fora revane slik at dei både treivst – om det går an å bruka eit slikt uttrykk i dag – og at resultatet vart ein fin pels etter avliving. For det er ikkje å koma forbi at pelsen var både fin å sjå på og å kjenna på. For norske «fine fruer» var det stas å ha ein slik rundt halsen, langt frå alle hadde råd til det. Men ein kan vel tenkja seg at det var minst like fint og stor stas for ein offiser å koma heim til Tyskland på permisjon og ha med seg ei slik gåve til kona, kjerasten eller til mor. Det kunne nok lysa opp i ellers vanskelege dagar og tider.

Å ha ei okupasjonsmakt i landet er det berre deira «halehengjarar» som likar. Dei fleste andre prøvde så godt dei kunne å klara seg utan noka form for kontakt. Men det var slett ikkje alltid like lett. Som alt nemnt fleire gonger, måtte livet «gå sin gang», ein måtte ha arbeid, skaffa seg inntekt for å kunna få tak i det mest naudsynte.

Nokre gonger var det nettopp desse som ein ellers ikkje likte, som gjorde at det var arbeid å få. Det første eg hugsar var alle brakkene som kom opp. Delvis var dei vel ferdigproduserte i Tyskland, men dei skulle reisast mange stader her i landet. Det betydde transport, ofte med båt, for vegar kunne vera så som så – om dei i det heile var eigna for biltransport. Berre i mitt vesle område kom det opp tre brakker på Totland, ein stor og ein mindre hestestall ved kraftstasjonen, fleire brakker på Frøland – og ellers mange andre stader i Samnanger. Det gav arbeid til mange i ein periode. I ettertid kan ein kanskje mislika at det var slik, men... Det tok heller ikkje lange tida før tyskarane var svært misnøgde med vegane, smale og krokute som dei var. Berre mellom Gåsdaalen og Ulland var der eit utal med svingar, rundt «nes» og inn i bukter – her hadde me fare mange gongar. Utvidingsarbeid kom i gong, alt var «handarbeid» sjølvsaft. Eg var storleg imponert når eg såg to mann med feisel som slo på same boren

og ein som snudde – det måtte vel vera fårleg! Dei verste svingane vart etter kvart litt rettare og romslegare. I dag ser ein knapt korleis vegen ein gong var. Frølandsbrua, den første, fine steinbrua med nesten 90 gr sving i begge endar var ein håplaus «afære» når tyskarane kom med sine lastebilar. Her må noko gjerast, var nok tanken – like eins for Tyssebrua. Det var interessant å gå på skulen på Frøland og kunna gå ned og følgja arbeidet. Det var *våre* norske dugande anleggsarbeidarar som utførde alt – dei kunne og kan verkeleg forma steinane, her til dei finaste brukar. Dette var nyttige og framtidsretta utbetringar. Like nyttig var slett ikkje arbeidet med ei rekkje skytestillingar mange stader i bygda – godt løynde små «festningar» som skulle ta seg av fienden når han kom. Tyskarane hadde som kjent ei viss tru på at Noreg skulle vera utgangspunkt for angrep på Tyskland. Best hugsar eg dei to som låg langs vegen ut Gaupholmsmarka, men der var fleire – her skulle dei vera klare til å ta seg av dei som måtte koma inn fjorden. Litt uhyggjeleg å sykla forbi når me skulla til farmor og farfar, syntes eg. Desse «bunkersane» var synlege i mange år etter krigen, men er borte no. Etter mi meining skulle alle slike merke og leivningar etter okupasjonsmakta vore registrete medan det enno er nokon som hugsar kvar dei var – ei oppgåve for historielaget ? Det eg har nemnt her gav arbeid for mange – så får ein meina kva ein vil om det. Så vidt eg veit, var det nordmenn som var i sving her, i motsetnad til andre anlegg der straffangar måtte slita, ofte på umenneskeleg vis.

Hestar og hestestallar var det ved kraftstsjonen. På same måten som med menneska vart også desse skifta ut frå tid til anna. Det dei ikkje fekk med seg når dei drog, var rottene. Dei var det mange av og det var ein slags spenning i å skrema dei ifrå gjøyme-plassane – nok om det. Der var to typar hestar: fleirtalet var store, mykje større enn fjordingane me var vane med. Dei heldt til i stallen på Frølandssida av kanalen. Me kalla dei polske hestar, men dei var visst belgiske. Kor mange der var, veit eg ikkje – minst 10-12. Det andre slaget stod i ein mindre stall på Totlandssida. Det var nokre få høge, slanke hestar, gjerne brune eller nokså lyse. Rett som det var kom offiserar ridande på desse – det såg stasleg ut. Desse vart også brukte til transport av t d post til og frå menneska i messa og i brakkene, alltid med vogn og to- spann. Fint å sjå på det også, som oftast, men ikkje alltid. Vegen dei brukte opp til Totland gjekk den gongen forbi dei nedste funksjonærbustadane og opp den bratte bakken mot det som var maskinmeistarbustaden. Der kunne det vera temmeleg glatt om vinteren og hestespannet skei og måtte rygga nedatt på flaten. Så var det for kjørerekaren å svinga piska over hesteryggen

og jaga på dei, gjerne fleire gonger før dei endeleg fekk nok fart til å streva seg opp. Det var stygt å sjå på, ofte måtte eg berre koma meg vekk. Dei store hestane hadde knapt noka oppgåve når dei ikkje skulle flytta saman med mannskapa og utstyret deira. Ein av passarane likte tydelegvis ikkje dette – hestar var til for å brukast, meinte nok han og dermed hadde han teke kontakt med ein eller annan for å høyra om dei ikkje kunne ha bruk for ein hest til ei eller anna arbeidsoppgåve. Slik hadde det seg at eg ein dag fekk gå saman med denne hestekaren, hesten og far opp Tysselandsdalen til Tveit. Hjøa mormor var det bruk for pløying, truleg hos andre også, utan at eg hugsar det. Eg har alltid høyrte at hestar er kloke dyr. No fekk me verkeleg sjå det. Hesten hadde ingen vanskar med å dra den vesle plogen – han var nok van med større reidskapar. Pløyinga gjekk greitt, fram og attende langs ein liten «rygg» på bøen til mormor. På eine sida skrådde denne ryggen ned mot «mjukare underlag» – oppdyrka myr. Komen dit, bråstogga hesten og ville ikkje rikka seg sjølv om kjøyrekararen prøvde å godsnakka med han fleire gonger. Så la hesten seg roleg på sida og han reiste seg ikkje før plogen var spent frå! Lenge var der ein hestesko dette store, kloke dyret hadde mista – dei me var vane med vart små i samanlikning.

Fred! Det alle hadde venta på og ei tid rekna med, vart verkeleg ein maidag i 1945. Eg trur me ungane la best merke til to ting : Det vart så underleg roleg ved brakkene på Totland og Frøland – der var mange tyskarar, men der var ingen komandorop og marsjering, antrekket var liksom «lausare» og veremåten ein annan. Truleg hadde dei fleste i brakkene ei aning om kva veg det bar og på ein måte var tilfreds med at det var «slutt» – tanken på å koma heim var der nok også – . Det andre som undra oss, var alle dess karane som «dukka opp» med eit bind på armen og ofte eit våpen, *stengun* på skuldra, men ingen uniform. *Heimefronten* – kvar kom dei frå – kvar hadde dei vore? Foreldre og andre vaksne visste meir om dette og kunne forklara oss. Men det var nok også slik at somme lurde på kvifor «han» hadde fått dette bindet på armen. Desse ikkje-uniformerte karane tok på mange måtar over det tyskarane hadde gjort, halda vakt på viktige stader. Men det føregjekk på ein rolegare måte.

Også på skulen var det somt som endra seg. Me song alltid om morgonen og me song før me gjekk heim, men eg trur songane vart litt endra. Heime, i fødselsdagar og andre meir private samkomer hadde me nok sunge «Ja vi elsker», «Gud signe vårt dyre fedreland» og «Fagert er landet». No tona dei rett som det var klårt og fint også i skulen

17 SUKKER 20 1/3 53	18 SUKKER 20 1/3 53	19 SUKKER 1 5 17 53	20 SUKKER 1 5 17 53
15 SUKKER 6 1/4 19 53	16 SUKKER 6 1/4 19 53	13 SUKKER 23 1/5 53	14 SUKKER 23 1/5 53
11 SUKKER 9 1/2 22 53	12 SUKKER 9 1/2 22 53	9 SUKKER 23 1/8 53	10 SUKKER 23 1/8 53

P N^o 828690

Handelsdepartementet
Forsyningsdirektoratet

Rasjoneringskort for matvarer.
Hovedkort for 46. kortperiode.
19. mai 1952 – 17. mai 1953.

Forbrukergr. I – personer født i 1937 eller før.

Kortet er bare gyldig når forsyningsnemndas stempel og innehaverens navn og adresse er ført på. Merkenes gyldighetstid utenom den pålydende. Sukker: Forskott 1 uke. Etterskott 3 uker. Kaffe: Forskott 1 uke. Etterskott 2 uker. Ekstramerkenes er bare gyldige etter nærmere kunngjøring. Løse merker gjelder ikke. Salg, kjøp eller annen overdragelse er straffbar.

Navn:

Adr:

18 KAFFE 18	20 KAFFE 20	
17 20 1/4 53	17 19 1/5 17 53 19	
12 KAFFE 12	14 KAFFE 14	16 KAFFE 16
11 9 1/3 22 53	13 23 1/3 53	15 6 1/4 19 53
6 KAFFE 6	8 KAFFE 8	10 KAFFE 10
5 26 1/3 53	7 9 1/2 22 53	9 23 1/2 8 53
52 KAFFE 52	2 KAFFE 2	4 KAFFE 4
51 15 1/2 28 53	1 29 1/2 52 11 53	3 12 1/2 1 53

FUSA 334
(FORSYNINGSNEMND)

Gr. I F 8
Gr. I F 9
Gr. I F 10
Gr. I F 11
Gr. I F 12
Gr. I F 13

– det sa oss borna noko om korleis det skulle vera når det var fred. Eg trur ikkje dagane våre ellers endra seg så mykje. Det var framleis rasjonering på mange varer, somme var slett ikkje å få.

Kaffi til dømes – det var vaksne som sakna han og som hadde måtta nøya seg med *kaffierstatning* i fleire år. Kva det var, hugsar eg ikkje, men eg hugsar godt at det var vanleg å bruna erter på steikepanna og mala dei som ein form for erstaning. Alle rekna nok med at det skulle endra seg litt etter litt, og det gjorde det – men nett for kaffien tok det mange år. For somme var det sikkert endå verre å ikkje ha tobakk – dyrking vart prøvd av ein og annan. Store blad vart lagde «etter alle kunstens reglar» i lag og i press og resultatet vart sikkert betre enn ikkje å ikkje ha. Litt fjernt frå dagens tanke om tobakk – . Det kunne vera freistande å tena litt ekstra på det folk gjene ville ha, men som det var knapt om. *Svartebørs* vart det kalla og det skulle ein ikkje ha noko av, slett ikkje no når krigen var over. Prislister fastsette normalpris og priskontrollørar vart utpeika under krigen og heldt fram ei tid etter, men dei var nok ikkje spesielt populære når dei kom på kontroll.

Eg nemnde desse med bind på armen. Av og til fekk me også glimt av nokon som såg mykje «tøffare» ut (nei, me kjende ikkje det ordet –). Det var helst når me var på skulen me kunne få auga på dei. Dei kom i rasande fart i opne jeepar – slike bilar hadde me aldri sett – i uniformar og med raud alpelue, *beret* heitte det. *Red devils* vart dei kalla (raude djevlar) og dei hadde fått namnet frå harde kampar mot tyskarane, mange av dei hadde hoppa ut i fallskjerm over krigssonene, vart me fortalde. Skremande, men også imponerende – me var heilt sikre på at med den farten dei hadde så kjøyrde dei nok ofte på to hjul i svingane, i alle fall i svingen ut frå Frølandsbrua, mot grustaket og mot Ulland. Me såg det ikkje, men det var heilt sikkert slik!

Kva så med dei tyske soldatane – det var mange av dei? Eg hugsar noko som gjorde eit visst inntrykk på meg, som på ein måte gjorde dei meir «folkelege». Det var total *solformørking* i juni 1945 – ei svært sjeldan og spanade hending, men me måtte slett ikkje sjå direkte mot sola, det kunne vera farleg for augo, fekk me vita. Då tidspunktet nærma seg, kom nokre av soldatane og gav oss ungane glasbitar som var sota. Då kunne me sjå på dette fenomenet utan å skada augene – ein hyggjeleg ting å gjera og som festa seg i mitt minne. Det var sikkert triveleg også for dei å kunna gjera dette. Det var ellers ikkje bra at ein slik flokk med unge arbeidsføre menn skulle gå gjerandslause. Dei måtte kunna brukast til noko nyttig medan dei venta på heimreisa. Eg hugsar dei vart sette på vegarbeid – ikkje kvar som helst. Innafor Totland, ved dagens bru over Storelva ligg Bjørndalen. Inn der var vegen, om ein kan bruka det ordet, dårleg. Grupper vart send dit for å gjera nytte for seg og gjera vegen litt betre. Dette var arbeid dei slett ikkje var opplærde til, og kva dei eigentleg fekk gjort, veit eg ikkje, men eg såg dei koma ruslande attende utpå dagen med ekstra lange spett på aksla, nokre svære klubber som slett ikkje likna sleggjer – og så med fingrar og nevar godt inntulla i klutar – uvandt arbeid som bokstavleg talt hadde merka somme av dei. Eg meiner liknande arbeid vart prøvd også på vegen til Holmane. Det var mykje seinare den vart kjørbar, men litt sysselsetjing hadde det altså vore.

Skulen er nemnd. Me kunne også gå på søndagsskule – om me kunne det under heile krigen, hugsar eg ikkje lenger, men eg trur det. Det var triveleg – ein times tid søndag føremiddag samlast dei fleste av skuleborna, frå småskulen og storskulen. Bibelhistorie med eit litt anna preg enn i skulen – no var det ikkje noko me skulle læra og kunna gjengje. Forståing går det kanskje an å seia at det vart lagt vekt på, og så var det

song. Denne fredssommaren fekk søndagsskulen ei uventa oppleving for meg. Det var nok søskenbarnet til far som stod bak – Brigte Våge som mange samningar kjenner som lærar på Framnes ungdomsskule og som ihuga søndagsskulemann i ei årrekkje. Han hadde «tipsa» far om at det i Øystese skulle vera leir for søndagsskuleborn. Eg vart følgt til Frølandsbrua og kom inn på ein buss full av ungar på min alder. Mest skremande var det – dei song og prata og høyrdest ut til å vera godt kjende med ein annan – frå Bergen var dei. Ein liten gut frå Totland vart endå litt mindre i dette laget. Men det gjekk bra, eg og tødde opp etter kvart og det vart ei triveleg veke i Øystese, med turar, song og mykje anna – dagane gjekk fort og det vart heimtur. Ved Frølandsbrua var eg åleine som gjekk av bussen. Ingen møtte meg for vegen til Totland hadde eg gått mange, mange gongar. Det var likevel noko som undra meg – det var så underleg stilt. Forklaringa fekk eg etter kvart – tyskarane var borte, brakkene var tomme, alt som brennast kunne var rydda og brent – bortsett frå ein ting. Dei to litt yngre gutane eg ofte var i lag med (namn utelete her) hadde fått fat i eit trekkspel – du verden som eg misunte dei, men eg fekk låna det av og til. Ingen av oss vart musikarar.

Det hadde vore vanskeleg med materialar til husbygging o.l. under krigen og var det ei heil tid etterpå – mange sterkt skada stader måtte prioriterast. Men ein spesiell ressurs fanst i somme nærområde, mellom anna fleire stader i Samnager – *tyskarbrakkene*. Så vart det laga slik at det kunne søkjast om å få kjøpa materialar frå desse brakkene – heile eller deler etter kor stor brakka var. Korleis tildelinga vart avgjort, veit eg ikkje, men i ein periode var det ganske stor aktivitet med rivingsarbeid. Det kom opp fleire hus i bygda der brakkematerialar var ein del av det dei trong.

Rasjonering er nemnd fleire gonger. Heime vart nokre av desse rasjoneringskorta tekne vare på. Som ein vil sjå er det kort med merke frå fleire år etter krigsslutt – kaffi og sukker var altså rasjonert så seint som i 1953.

(Red.merk.: Sjå bilete på side 77)

Det kom også ein brosjyre eller eit lite hefte (11 x 13 cm) med tittelen «Ved frigjøringen av Norge». Det vart delt ut og er teke vare på. Som liten forsto eg vel ikkje så mykje av alvoret i dette skrivet på dei nesten 50 sidene. Det opnar med «*Budskap fra Kong Haakon*» der han uttrykkjer glede, takkemd, peikar på vanskar som vil koma og oppmodar til same

samhald som i dei vanskelege åra. Så er det helsing til Norge frå *Dwight D Eisenhower* – i dag er han vel ukjend for mange, men han leidde dei allierte styrkane ved frigjeringa og vart seinare president i USA. Deretter er det *Johan Nygårdsvold*, statsminister før, under krigen og ved krigsslutt som helsar og avsluttar slik : «Når det norske folk får Norge tilbake, vet vi at det vil handle under ansvar.» Heftet er fylt med oppmodingar og retningslinjer for tida som skulle koma – sjølv om det var fred, var der store utfordringar i vente.



Red.merk.: Heile heftet ligg som PDF på heimesida vår.

Fredsmarsjen vart etter det eg hugsar arrangert etter at me var attende på skulen. Det var ei spesiell form for markering – alle over ein viss alder kunne delta. Dei yngste, som oss skule-born gjekk 2 1/2 km, så var det 5 km på dei litt eldre, kvinnene og dei eldste, og dei vaksne mennene gjekk 10 km. Far hadde eit lite instrument på framhjulet på sykkelen og kvar gong hjulet gjekk rundt, skifta eit tal. Så var det berre å rekna ut kor mange gonger hjulet måtte gå rundt – det var lett og eg fekk mæla opp distansen for oss skuleborn. Me gjekk frå Frølandsbrua til skiftet der vegen går til Tysseland, og attende. Nei, det var ingen konkurranse for oss, det var berre å delta. Eg trur ein kan seia at «alle» gjekk. Det hadde nok mykje med fredskjensla og ei samkjensle å gjera. Men det var altså noko meir. I leksikon står det at det var ein konkurranse mellom Sverige og Noreg, og den gongen slo me dei grundig – over 550 000 nordmenn mot vel 160 000 svenskar – endå folketalet var meir enn det doble i Sverige !

Høgdepunktet for meg denne sumaren var å få reisa til tanter, onklar og søskenborn i Fana og så få vera med dei til byen for å sjå og helsa Kong Haakon då han kom til Bergen. På hjørnet av Sundtbygget fann me oss plass sjølv om det var svært folksamt. Der kunne eg sjå på folkehavet på Torgalmenningen og vera med på å hylla den høgreiste, staslege Kongen vår. Ein gutunge gløymmer ikkje det!

Einar Gerhardsen på valturne i Samnanger

av Brigt Olav Gåsdaal

Etter at Arbeiderpartiet har hatt sitt svakaste resultat ved noko val i Samnanger, kan det vera på sin plass å trekkja fram ei historie frå den gongen resultatet var motsett. Det er faktisk to historiar i eitt stykke, og det inneheld ikkje så lite dramatikk.

I 1971 var fjernsynet i Noreg i sin spede barndom, men alt då var det ei viktig oppgåve for NRK å dekkja valkampen til dei politiske partia.

I Samnanger hadde Arbeiderpartiet fått storfint besøk av ingen ringare enn sjølvaste Landsfaderen, Einar Gerhardsen. Han gjekk av som statsminister i 1965 men hadde framleis stor appell hos veljarane, noko valresultatet i Samnanger få dagar seinare vart ei stadfesting av.

Nils Gåsdaal var leiar i Samnanger arbeiderparti i 1971, og han med fleire var saman med Gerhardsen denne dagen på turne i bygda vår, og han har fortalt om denne dagen slik han opplevde det som hendte.

Dagmar Loe, kjent journalist og programleiar i NRK var sendt frå Oslo til Samnanger for å dekkja innspurten i valkampen, og ho skulle laga ein reportasje med Gerhardsen denne dagen. Med seg hadde ho eit filmteam som skulle filma frå dei ulike arrangementa gjennom dagen. Men for NRK gjekk det meste gale. Dagmar Loe kom for seint til flyet frå Fornebu. Her kunne historien om reportasjen med Gerhardsen i Samnanger ha slutta, men Dagmar Loe var ei dame som ikkje gav seg på tap. Ho fekk kontakt med filmteamet som alt var i Bergen og bad dei reisa innover til Samnanger og filma, for ho rakk ikkje fram i tide. Ho hadde fått programmet for turneen og visste at dagen skulle starta med besøk på Frøland Kraftstasjon. Deretter skulle Safa strømpfabrikk få besøk og så var det tid for å vitja sjukeheimen på Haga. Om kvelden skulle det vera folkemøte i Vonheim, og alt dette skulle filmast og deretter redigerast til eit innslag på 7-8 minuttar.


Einar Gerhardsen følgde det oppsette programmet til punkt og prikke. På Frøland var det omvising i kraftstasjonen. Så var det samling i messa på Totland der leiinga i Bergen Lysverker var komne frå byen. Det var tydeleg at dei framleis såg Gerhardsen som ein viktig person, sjølv 6 år etter at han hadde gått av som statsminister. Det var traktering og Gerhardsen heldt ein kort tale for funksjonærar og arbeidarar.

Etterpå reiste Gerhardsen med følgje nedover til Tysse og blei tatt hjarteleg imot av leiinga i Safa før dei fekk ei omvising i produksjonslokala og høve til å snakka med arbeidarane.

Siste arbeidsplassbesøk denne dagen var på sjukeheimen. Der fekk han seg ei god og munter samtale med ei hundre år gammal kvinne – Anna Kleivane?– Etter dei hadde snakka ferdig, seiest det at Anna spurde ein av dei som var til stades: «kven var den gutongjen?» Einar Gerhardsen var på det tidspunktet 74 år gamal. På sjukeheimen var det og matservering til gjesten frå Oslo, og Gerhardsen heldt ein tale før han gjorde seg klar til folkemøtet i Vonheim på Tysse som skulle avslutta hans siste valturne for Det Norske Arbeiderparti.

I mellomtida hadde Dagmar Loe fått seg ny flybillett og kome seg til Flesland. Ho leigde seg bil og kørde mot Samnanger der ho etter kvart fann Gerhardsen saman med ein flokk menneske. Ho gjekk bort til han og sa: «Du, åssen gikk det med filmingen?» (her siterer eg direkte slik Dagmar Loe har skrive historia). Da så jeg han var hvit på overleppa, og jeg visste at det var et tegn på at han var sint: Nei, filmfolka hadde ikke vært der. Jeg ble helt fortvilet. I NRK-redaksjonen hadde de vært litt i tvil om jeg i det hele tatt skulle få denne jobben på grunn av mitt arbeiderpartiståsted. Og nå lå det an til at jeg ikke kom tilbake med noen reportasje i det hele tatt. «Vi må snakke sammen», sa jeg til Gerhardsen. Vi hadde en samtale, og jeg sa til slutt: «Du må ta hele runden om igjen, det er ikke noe å gjøre med.» Da var jeg rett og slett desperat. Han trodde ikke sine egne ører. Det verste var at det var lørdag og alt stengte tidlig. Heldigvis dukket tv-teamet opp; de hadde kjørt feil og havnet langt inne på fjellet (sitat slutt).

Men Gerhardsen vart med på opplegget til Loe. Dei reiste opp igjen til kraftstasjonen på Frøland, var innom Safa-fabrikken og vidare til sjukeheimen. Der hadde dei gamle bebruarane lagt seg til å kvila etter det storflotte besøket før på dagen, og no var det på ‘an igjen.



Einar Gerhardsen på valturne i Hordaland.

Foto: Bjarne Befring, tilrettelegging av Tore Sætre (CC BY-SA 4.0)

Så kom laurdagskvelden og det store møtet. Dagmar Loe hadde planlagt å ta opp eit intervju med Landsfaderen i møtesalen før folk kom, men då dei kom til Vonheim, var salen alt smekkefull, og det var lang kø på utsida. Tv-folka rigga seg til med lys og kamera. Opptaket måtte gjerast med fleire hundre tilhøyrarar. Loe måtte skrika ut i salen at folk måtte vera stille under opptaket, og det var dei.

Så gjekk Gerhardsen på talarstolen. Men fordi tv-folka skulle rekka fly til Oslo, måtte dei rigga ned og pakka saman utstyret midt under talen hans. Publikum var ei stund meir opptekne av alt styret med tv-folka enn av mannen på talarstolen. Dagmar Loe fortalde at ho opplevde situasjonen som heilt bisarr. Ho hadde lyst til å forsvinna gjennom eit hol i golvet, og ho rekna ikkje med å bli vidare populær hos Gerhardsen etter denne dagen. Merkeleg nok var han like blid då ho møtte han under opptak noko seinare. Nils Gåsdaal fortel i ein kommentar at for at både NRK og publikum i salen skulle få sitt, starta Gerhardsen talen sin med å halda sluttappellen (siste del av talen). Då tv-folka var reist, starta han talen frå byrjinga og heldt på i over ein time.

Dette var som nemnt Gerhardsen si siste valreise, og den var det viktig å få dokumentert. Det skjøna sjølv sagt Gerhardsen og, men den kvite overleppa gløynde Dagmar Loe aldri.

Magne Hollevik var fotografen som var med på denne turen. På veg til Samnanger hadde dei køyrt forbi eit skilt som viste kva retning dei skulle ta, og først etter at dei hadde køyrt langt og lenger enn lengst, demra det for dei at det ikkje kunne vera så langt til Samnanger. Då snudde dei og køyrde tilbake, og då dei omsider kom fram, sto der ein kar og trippa. Han var heit i toppen, men han sa ikkje så mykje då. Hollevik stadfesta at Gerhardsen tok turen rundt i bygda ein gong til, kun for at NRK skulle få reportasjen sin.

Dette er jo historiske opptak. Men den egentlige historia gjekk altså ikkje føre seg slik som opptaket viser. Jobben måtte gjerast på ein eller annan måte. Uansett var det veldig spesielt av reportaren å be Einar Gerhardsen om å ta ein heilt ny runde (og kanskje like spesielt at han gjekk med på det).

Starten på denne artikkelen viser til Arbeiderpartiet sitt elendige valresultat i Samnanger 2019. Ved valet i 1971 – to dagar etter at Gerhardsen turnerte i bygda vår – fekk Arbeiderpartiet 9 av 17 representantar i kommunestyret og altså reint fleirtal. Det har ikkje skjedd verken før eller seinare.

PS. Gerhardsen fekk i 1971 den aller første Peer Gynt-prisen, ein pris som vert gjeven til personar og institusjonar som har utøvd samfunnsansvar og markert Noreg internasjonalt.

Skottehandel, folkevekst og innvandring

av Anita Skippervik

Storparten av Noreg låg under eit tjukt lag av is gjennom mange titusen år, men etter at det vart varmare i været og isen tok til å smelte og trakk seg attende frå kyststripa, flytta plantar og dyr inn. Det opna for at folk som levde av å fiske, jakte og sanke kunne følgje etter. Dei måtte vandre over store avstandar på leiting etter utnyttbare ressursar. Dei første vi finn spor på Vestlandet, var selfangarar, og dei levde langs kysten her for om lag 10 000 år sidan.

Arkeologiske utgravingar syner spor av menneske i Samnanger attende til eldre steinalder. Det er spor etter folk som var på vandring. Fast busetnad og rydding av åkrar er langt yngre, men det kan ha vore gardsdrift i Samnanger i 2-3000 år. Klimaet har endra seg, og i periodar har ytre påverknad ført til auke i busetnad og folketal, før eller seinare erstatta med krise og bråe fall. Vi har høyrte om «fimbulvinteren», som no vert datert til 530-talet, og som gav misvekst og død. Like etter den kom pesten til Europa (den «Justinianske pest» rundt 540). Folketalet i heile Europa stupte, kan hende vart halve befolkninga borte i løpet av eit år eller to. Vestlandet vart utan tvil hardt råka, og mange gardar vart liggande aude.

Så kom folkevandring og innvandring. Gardar vart rydda på nytt og folketalet auka. Nye katastrofar kom, og mange gardar vart på nytt lagt aude. Svartedauden rundt 1350 og verknadane den hadde på befolkninga er vel kjent, men pesten råka slett ikkje berre ein gong.

Vi finn ikkje så mykje skriftleg kjeldemateriale som gjeld Samnanger i eldre tid. Eldste dokumentet som er å finne, er frå 1329. Eldste skattelista vart sett opp i 1519. Då var det berre 11 skatteytarar i Samnanger. Et samla folketalet var då truleg rundt 70. Størsteparten av gardane som seinare var i drift låg då framleis aude. I 1563 var det 19 skatteytarar, opp 72% på 44 år. Koppskattemanntalet i 1645 nemner 68 vaksne menn, 68 kvinner, 18 drengjer og 35 jenter (over 15 år). Samla folketal var på den tida truleg rundt 235, 3-4 gongar høgare enn nivået eit drygt hundreår tidlegare. Den sterke veksten burde overraske oss, for i denne perioden hadde pesten råka Vestlandet mange gongar, kvar gong med svært mange

dødsfall. Mellom 1599 og 1637 hadde Bergen med omland pest fem gongar. Truleg døydde 20-25% av befolkninga i løpet av nokre månader ved kvart av desse åtaka.

Korleis kan folketalet stige sterkt under slike tilhøve? Ved tilflytting? Bygdene rundt Samnanger hadde vore utsette for dei same epidemiane, slik at dei knapt har hatt mange folk å gje frå seg. Gjennom innvandring? Vi veit at 30-årskrigen (1618-1648) la store delar av Europa i ruinar, og dreiv mange på flukt. Ganske mange av dei drog til Noreg. Det kan vi lese ut av borgarboka i Bergen.

Bygdeboka for Samnanger fortel om den lokale veksten i folketal og den blomstrande skottehandelen. Skottane «hadde ofte varor med, serleg grjonvaror, som dei selde eller byte burt i trevyrke. Denne handelen heldt seg i lang tid: men var størst fyrst på 1600-talet.» (Lauvskard: Samnanger, s. 33-34.) Samkvemmet med skottane skapte «liv og rørsle», «kann hende var det skottar som lærde folk her ikring å setja upp bordsager og nytta vasskraft til å drive dei med». I første del av 1600-talet kom det sager på sju gardar i Samnanger. Skogen og skottehandelen gav grunnlag for oppblomstringa og den sterke folkeveksten. Kan hende var det ikkje berre økonomisk vekst som følgde dei. Slo nokre av dei mange skottane seg ned i Samnanger? Kan det vere at dei har vore med på å gje den sterke veksten i folketal tidleg på 1600-talet?

Frå gammalt av har det gått stiar og drifteveggar over fjella frå Samnanger til nabobygdene og til Bergen. Men fjorden har truleg nesten heile tida vore den viktigaste ferdavegen. Dette syner seg også att i busetjinga ved at dei fleste tuna låg langs Samnangerfjorden. Samningane har difor hatt god kontakt med Sunnhordland og sørvestlandet, heller enn vestover mot Bergen.


DNA som metode for slektsforskning

Tradisjonell slektsgransking har vore avhengig av skriftlege kjelder for å kunne framstå som seriøs. Då har ein fått avgrensa perioden ein kunne kartlegge til berre til dei få hundreåra ein har skriftlege kjelder. Med ny teknologi kan ein nytte sitt eige genmateriale til å spore slekt og finne opphavet sitt, både det nære og det ganske fjerne.

Samlar ein resultata frå mange slike testar, kan ein avdekke vandringsrutene til forfedrane våre tusenvis av år attende. National Geographic Society (NGS) har sidan 2005 drifta ei genetisk antropologistudie for ved hjelp av DNA-prøver å avdekke vandringsmønster rundt om i verda. Studien har namnet «the Genographic project». Dei har no langt over ein million testar inne som grunnlag for sine analysar og desse testane er henta frå meir enn 140 land.

Arvestoffet vårt er å finne i alle cellene i kroppen. Det er delt på 46 kromosom, ordna i 23 par. Kromosoma består av eit kjemisk stoff kalla DNA. 22 av kromosompara arvar vi likt frå mor og far, og disse kromosoma vert blanda, utan at ein umiddelbart kan sjå om det er henta frå farssida eller morssida. Det 23. kromosomparet er annleis og det avgjer kjønn. Menn har eit Y-kromosom, arva frå farslinja, og eit X-kromosom, arva frå mor. Kvinner har to X-kromosom, eit frå mor og eit frå far.

Det er Y-kromosomet som lettast kan nyttast til å spore vandringane til forfedrane våre. Det vert arva frå far til son, generasjon etter generasjon,



Elektronmikroskopi av dei 46 menneskelege kromosoma..

og nesten utan forandring. Ein mutasjon er ei spontan endring i DNA-et i eit kromosom. For kvar fjerde generasjon i snitt, skjer det ein mutasjon i Y-kromosomet. Ved å analysere desse endringane kan ein avdekke slektskap mellom ulike farslinjer, og gjennom teljing av mutasjonar kan ein rekne seg fram til om lag når dei to linjene hadde felles opphav og når dei vart splitta.

X-kromosomet kan vi arve både frå mor og far. Difor kan det ikkje nyttast til å spore dei reine morslinjene. Men i alle celler fins det mange små energifabrikkar, som vi kallar mitokondriar. Eit mitokondrium har sitt eige DNA, men det er forsvinnande lite, berre om lag 1/600 av størrelsen på eit Y-kromosom. Mitokondrie-DNA-et vert arva gjennom morslinja. Di større eit kromosom er, di større er sjansen for mutasjonar. Der ein reknar rundt 144 år mellom mutasjonane i det store Y-kromosomet, reknar ein over 2600 år mellom mutasjonane i mitokondrie-DNA-et. Det er eit tidsrom som svarar til rundt 80 generasjonar og gjev difor langt færre «knaggjar» til å henge informasjon på for å kunne samanlikne med andre linjer.

Så langt som forskinga er kommen i dag, ser det ut til at vi kan rekne med at alle forfedrane våre kjem frå Afrika, og at storparten av arvestoffet vårt kjem frå den gruppa som vandra ut frå Afrika skjedde for rundt 63000 år sidan. I fleire tusen år streifa dei rundt i områda i Midt-Austen, men for om lag 40000 år sidan kom dei første av dei nære forfedrane våre inn i Europa. Frå før var det neandertalarar i desse områda, og nokre av dei fekk barn med nykomarane, slik at europearar i dag kan rekne med at 2-3% av genane deira kjem frå neandertalarane. Men ingen reine mannslinjer har det vore råd å føre attende til dei.

På denne tida låg isen over store delar av Nord-Europa, og klimaet i heile Nord-Europa var kaldt. Difor var det i dei sørlege delane av Europa at det var størst menneskeleg aktivitet i dei første 20-30000 åra etter at dei første moderne menneska kom hit. Det gjekk lang tid før folk vart bufaste, dei levde som nomadar. Ein god del av genane våre kjem frå desse tidlege europearane, men storparten av arvestoffet hos moderne europearar kjem frå folk som har vandra inn lenge etter at den første gruppa kom.

Norway DNA, Norgesprosjektet, og testane frå Samnanger

Ser vi på arvestoffet til norske menn, finn vi:

- Knapt 35% av dei testa mennene i Norgesprosjektet tilhøyrer ei undergruppe med kjerneområde i Skandinavia, kalla I1.
- Om lag 32% er frå ei gruppe med kjerneområde Vest-Europa, kalla R1b.
- 25% er frå ei gruppe med kjerneområde nordaust i Europa, kalla R1a.

Samanlagt finn vi desse tre undergruppene hos 92% av alle testa norske menn. Resten er delt mellom mange ganske små grupper. Sidan undergruppene er knytt til bestemte geografiske område, kan vi lære mykje om folkevandringane i denne fordelinga.

Dei 3 testane som er registert i Samnanger er alle av typen R1b (vesteuropa). Difor har desse tre linjene ein felles stamfar om vi går langt attende. Det er ikkje så oppsiktsvekkande, for det er den mest talrike gruppa på Vestlandet, og ganske dominerande i heile Vest-Europa. Dei 3 som har testa seg kjem frå to nabogardar.

Den første testen har testresultat R-BY34076 og kjem frå ei slekt som budde i Rolvsvåg tidleg på 1600-talet. Gjennom skriftlege kjelder kan denne farslinja førast attende til Daniel Sagmeister (ca. 1570-etter 1639). Han er nemnd i dei skriftlege kjeldene på 1620- og 1630-talet, og som tilnamnet viser har han må ha hatt ein plass i skottehandelen. Sagmeisteren hadde oppsynet med sjølvne sagbruksdrifta, men hadde normalt også ansvaret for å få hogd og frakta fram tømmeret. Testane indikerer nært slektskap med slekta DunDass, frå Dundee i Skottland, men går ein lengre attende i mutasjonsrekka, kjem ein til Toscana i Italia. Vi veit at italienske soldatar kom til dei britiske øyane for om lag 2000 år sidan. Tør vi gjette på at denne mannslinja har vore med romarane ved invasjonen eller den seinare okkupasjonen, og at etterkommarar seinare har hamna i Skottland, før Daniel eller kan hende far hans drog over Nordsjøen i samband med skottehandelen, med kunnskap om sagbruk, tømmer og handel.

Den andre testen syner resultatet R-A11088, og fører oss i dei skriftlege kjeldene til Olav Nilsen Solbjørg (1680-1735). Denne linja er skotsk og går rett attende til den skotske klanen Buchanan, som heldt til i landskapet med same namn. Klanen var aktivt med i dei mange krigane mot engelske styrkar og andre klanar, og frå tid til annan kan det ha frista med emigrasjon over Nordsjøen. Olav Nilsen var etter namnet å dømme ikkje fødd i Skottland, og det kan ha vore mange generasjonar tidlegare, at slekta kryssa Nordsjøen. Men vi har sett at folketalet i Samnanger vaks kraftig i hundreåret med Skottehandel, og vi kan ikkje utelukke at ein av dei skotske handelsmennene slo seg ned i Samnanger, eller la etter seg gener.

Den tredje testen går attende til Nils Torbjørnsen Solbjørg (1749-1817). Av testen ser vi at han ikke var nær i slekt med Olav Nilsen. Testen har resultatet R-L48, men innheld ikkje like mykje informasjon som dei andre to. Fleirtalet av dei som har denne mutasjonen høyrer heime på dei britiske øyane, slik at vi også her kan ha grunn til å rekne med at farslinja har komme til Samnanger direkte eller indirekte frå øyane på den andre sida av Nordsjøen.

Vi starta med spørsmål om den sterke folkeveksten i Samnanger i siste del av 1500- og første del av 1600-talet hatt noko med skottehandelen å gjere. Så langt som testane går synest svaret å vere JA, vi har all grunn til å tru at skottane har bidrege sterkt til veksten og utviklinga i Samnanger for 4-500 år sidan.

Anita Skippervik
a-skippe@online.no

Kjelder:

- Nils Lauvskard: Samnanger, Soga um bygdi, gardane og ætterne (1930).
- <https://no.wikipedia.org/wiki/Fimbulvinter>
- https://no.wikipedia.org/wiki/Den_justinianske_pesten
- <https://no.m.wikipedia.org/wiki/Pest>
- Anita Skippervik: Den største historieboka di finn du gøymt i ein liten spyttprøve! (Bergensposten 2/2017).
- Nettsida til Norway DNA <http://www.norwaydna.no>
- Nettsida til Family Tree DNA <https://www.familytreedna.com/>
- Nettsida til laboratoriet YFULL <https://www.yfull.com/> med deira <https://www.yfull.com/tree/> og <https://yfull.com/mtree/>, som er under oppbygging.
- Nettsida til Alex Williamson: <https://www.ytree.net>
- Eupedia: Fordelinga av haplogrupper i dei ulike landa i Europa https://www.eupedia.com/europe/european_y-dna_haplogroups.shtml

Kva har hendt i Samnanger historielag i 2019?

Etter årsmøte og styremøte er dette dei tillitsvalde:

Solvor Aadland	leiar
Helge Hisdal	nestleiar
Audhild Aadland Olsnes	skrivar
Solvor Aadland	kasserar (vanskeleg å få nokon til kasserar)
Vidar Trengereid	styremedlem
Bjørn Rykkje	styremedlem
Tor Wold	varamedlem
Kristian Jørgensen	varamedlem
Gisle G. Øye	revisor

Fondsnemnd: Tone Tysseland Holmefjord, Bjarne Hauge og Audhild Aadland Olsnes

Årboknemnd: Tor Wold, Karin H.Steinsland, Brigt Olav Gåsdal og Liv Røsseland

Valnemnd: Solveig Vassenden og Brynjulv Hernes

Årsmøtet gjorde vedtak om at medlemspengane for 2020 skulle vera 250 kr for einskildmedlemar og 300 kr for familiar.

Årsmøtet støtta vidare opp om framlegget frå styret til aktivitetar i 2019:

- Vårtur til Hardanger; Agatunet og Utne museum. *Denne vart gjennomført i mai; veteranbuss, mange med , fekk oppleve mykje på dei to museumsstadane i fint ver og med gode omvisarar.*
- Tema rosemåling som til hausten skulle munna ut i ei utstilling med foredrag av Nils Georg Brekke. *10. oktober vert det stort opplegg på biblioteket. Har fotografert mange fine rosemålingsobjekt, noko vert utstilt og N.G.Brekke er klar med ei spennande historie om rosemåling i Samnanger og Midthordlandsbygdene*
- Aktivisera fleire medlemer gjennom ulike grupper: Rosemålinng, foto og nye metodar for å arbeida med historia og turopplegg til historiske minne i bygda vår.

Gruppene fungerer og har vidare planar.

Tor Wold kåserte om jektefarten frå bygdene langs Samnangerfjorden, noko me får vita meir om i årboka for 2019.

Takk

Helge Hisdal fekk stor takk etter 10 år som leiar i historielaget. Ivar Bård Aadland har vore med i ulike oppgåver sidan laget vart skipa og har i mange år vore ein viktig skribent i årboka. Varm takk til han. Til sist vart Anlaug Røen Hauge takka av for det gode arbeidet ho har utført som redaktør gjennom mange år.

Aktivitetar elles:

Laget var representert med stand på Tysse under **Samningaveko**. Mykje regn, men Tor Wold hadde laga mange interessante tyssebilete som vart viste inne i Landhandleriet.

På Aktivitetstorget, som frivilligsentralen skipa til på Bjørkheim i haust, var dei fleste laga og organisasjonane i bygda på plass ein strålende solskinsdag. Historielaget hadde fin stand med bilete, alle årbokårgangane hang til gjennomsyn, og Helge var der med alt utstyret til treskogravinga. Han har også hatt det med seg andre stader, seinast i Os der han sat og laga tresko.

Antons kulturhistoriske senter har i mange år vore møte- og arkivstad for historielaget. No har Anton Drønen kome til at han må gje seg og leggja staden ut for sal. Historielaget tykkjer det er eit stort tap om denne kulturstaden; museet med gjenstandar frå etterkrigstida, særleg frå 50- og 60- talet, vert borte. Historielaget har difor teke kontakt med kommunen for å få dei med på å berga senteret. Her trengst det elles mange gode hjelparar både lokalt og vidare utover.

Til sist vil me gjerne takka alle som støttar arbeidet til historielaget: Dei som fortel eller skriv, dei som sel årbøker, dei som kjem på møta våre og ikkje minst takk til alle dei 135 medlemmane våre. Like eins takk for godt samarbeid med Antons kulturhistoriske senter og Samnanger kommune!

Leiar,
Solvor Aadland

Lysingar



Arna
GRAVFERDSBYRÅ

Vi kan hjelpe til med
rådgivning og tilrettelegging
ved begravelser og bisettelser.

Døgnvakt 55 24 08 08
www.arnagravferd.no
Lakslia 14 • 5261 Indre Arna

*Ragnhild Th. Kristing
Marit I. Hope
Torstein A. Jenssen
Grethe Aspenes*



Bjørkheim
KRO & MOTELL AS

Tlf: 56 58 77 40 post@bjorkheim.no





FAGINNREDNING

- kjøkken direkte fra fabrikk
Tlf. 56 58 90 40
www.faginnredning.no





Safa

Safa har ullklær til hele familien fra topp til tå!

ELEKTRIKEREN I SAMNANGER OG FUSA

Vi utfører El-installasjoner i alle typer bygg.

Vi utfører El-installasjoner i boliger, foretningsbygg og industribygg.
Egen svakstrømsavdeling.
Service avtaler/årskontroller på brannalarm og nødlys
Service avtaler/årskontroller og El-sjekk på alle typer elektriske installasjoner.

www.eismann.no ernst@eismann.no

ELEKTRO-ENTREPRENØR
Ernst Eismann Effelt AS

Tlf. 55 33 37 30
Jordalsveien 42, 5105 Eidsvåg

MEMBER AV ELEKTRIKERKJEDEN
EL-PROFFEN
www.elproffen.no



Best Bjørkheim

Solheim Autoservice AS


56 58 90 00

SPAR 

**Velkommen til
Sparbutikken på Bjørkheim!**

Vi byr på deilig helgemat og velfylte varmeskap.

SPAR BJØRKHEIM tlf. 56 58 63 32 • 7-22(8-21)



VedHuset i Samnanger

God tørr ved i liten og stor sekk, flere sorter.

Utfører også skogrydding. Transport med liten lastebil/
varebil, samt graving med liten minigravar. Kan og utføre
andre mindre tenester/anleggsoppdrag. Utleige av stillas.

Ring 47 44 86 12, Ingo Egedom AS



KAMILLE FRITID AS

Sport, leikar, gáver og garn

Tlf. 46 91 72 31

Samnanger Fysikalske Institutt **tel: 56 58 91 09**

- Fysioterapaut Geir Næss spesialist i manuell terapi
- Rekvisisjon/henvisning fra lege ikke nødvendig
- Ved oppnådd frikort ingen egenandel
- Henviser til røntgen, CT og MR
- Sykemeldingsrett

Dag- og kveldsåpent – For timebestilling ring 56 58 91 09

Gjer som 4 av 5 samningar – abonnér på

samningen

Teikn abonnement på www.samningen.no eller ring 56 58 77 05



Samnanger Taxi

Tlf: 56 58 88 66

Mob. 470 26 289

Oline's
blomsterwerksted

Dåp, fest, bryllup og sorgbinderi

Haga, 5650 Tysse,
56 58 79 00 / 91 81 27 22

Tirs - fre 12-18 lør 10-14

E-post: bestilling.olines@gmail.com



OKB service

Sløyser, skottrenner, tak- og veggbeslag

Det klippes og bukkes etter standard eller oppgitt mål

okb.service@okbservice.no

<http://www.okbservice.no>

Sævellvegen 44, Gåsdal, 5650 Tysse. Tlf. 56586387. Mob. 99714894

Safa

Safa fabrikkutsalg har ullklær
til hele fam. fra topp til tå!



TYSSELAND SMED & MEK. VERKSTED

Reparasjon av mekanisk utstyr og
brøyteutstyr - Sveising - Smijarn:
portar, rekkverk, pyntegjenstandar -
Gjerdestolpar - Sal av snøfresar

5652 Årland

56 58 76 40 / 480 08 815



Forstøtningsmurar
Trapper - Grunnmurar

Thomas Eikeland

5650 Tysse

Tlf. 56 58 64 27 / 909 70 599

E-post: tomas.eikeland@gmail.com

**Utleige av
systemforskaling**

**Sentral
godkjenning**



For 200 år sidan, i tiåra etter at Norge vart ein sjølvstendig stat, reiste sjøfolk frå Samnanger til Lofoten med seglskuter for å fiska og handla torsk. Nokre vart rike, medan andre fekk ei våt grav. Les meir om dette og andre spennande historier i denne utgåva av «Gamle dagar i Samnanger».



Samnanger historielag